

# **Fylkesmannen I Rogaland**

## **Årsrapport 2003**

## INNHALD

<b>Innleiing</b> .....	<b>3</b>
<b>Årsrapport 2003</b> .....	<b>3</b>
<b>1. Økonomi og administrasjon</b> .....	<b>3</b>
<b>2. Sentrale politiske føringar</b> .....	<b>6</b>
<b>3 Dei einskilde resultatområde – inndelte etter departement</b> .....	<b>10</b>
MILJØVERNDEPARTEMENTETS RESULTATOMRÅDE .....	10
LANDBRUKSDEPARTEMENTETS SINE RESULTATOMRÅDE .....	14
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENTETS SINE RESULTATOMRÅDE .....	16
JUSTISDEPARTEMENTETS SINE RESULTATOMRÅDE .....	19
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTETS SINE RESULTATOMRÅDE .....	21
OPPGÅVER UNDER HELSEDEPARTEMENTET OG SOSIALDEPARTEMENTET – OPPDRAG FRÅ STATENS HELSETILSYN OG SOSIAL- OG HELSEDIREKTORATET .....	23
1 <i>Forvaltningssaker</i> .....	26
2 <i>Tilsyn med utgangspunkt i enkelthendingar</i> .....	29
3 <i>Andre tilsynsaktivitetar</i> .....	30
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENTET SINE RESULTATOMRÅDE .....	30
UTDANNINGS- OG FORSKNINGSDEPARTEMENTETS SINE RESULTATOMRÅDE .....	31
1 <i>Innleiing</i> .....	31
2 <i>Tilsyn, lovlegkontroll og klage</i> .....	31
3 <i>Forsøks- og utviklingsarbeid, satsingsområde, strategiar og arbeidsformer</i> .....	33
4 <i>Arbeid med gjennomføring av eksamen og prøver</i> .....	34
5 <i>Rikskonsertane</i> .....	34
6 <i>Likestilling</i> .....	35
7 <i>Tilskottsforvaltninga</i> .....	35
8 <i>Økonomiforvaltning</i> .....	36

# ÅRSRAPPORT 2003

## FYLKESMANNEN I ROGALAND

### Innleiing

Fylkesmannen i Rogaland legg med dette fram årsrapport for 2003 i samsvar med rapporteringskrav i embetsstyringsdokumenta og i tildelingsbrev for 2003 og 2004.

Rapporten er fylkesmannens tilbakemelding med omsyn til aktivitetar og oppnådde resultat i 2003 i høve til dei mål og forventningar departement og direktorat har stilt til embetet i tildelingsbrev for 2003.

2003 er første rapporteringsår etter samanslutning mellom Fylkesmannen, Fylkeslegen og Statens utdanningskontor. Dette gjer at ulike rapporteringsrutinar her er forsøkt samansmelta til ein. Likevel vil oppbygging av rapport innafor dei ulike departement sine resultatområde variere noko, først og fremst fordi resultatområdestrukturen ikkje var den same i 2003 som for 2004.

Framleis skjer det ei vesentleg dobbelrapportering ved at det blir stilt særskilde rapporteringskrav i tillegg til årsrapport. Dette blir berre forsterka etter at helse og utdanning har blitt ein del av embetet. Berre Helse- og sosialavdelinga gir ut 8 særreportar i løpet av året. Dette bør det gjerast noko med.

### Årsrapport 2003

#### 1. Økonomi og administrasjon

Ved utgangen av 2003 var embetet organisert slik:



##### 1.1 Organisasjon og personal

Frå 1. januar var embetet etablert med ny organisasjon ved at den tidligare Fylkeslegen og Statens Utdanningskontor var blitt ein del av fylkesmannsembetet.

Oppgåver på sosialsektoren blei flytta frå Forvaltningsavdelinga til den nye Helse- og sosialavdelinga.

Barnehagesakene blei flytta til Utdanningsavdelinga. I tillegg til dette blei det overført administrative ressursar frå Fylkeslegeembetet og Statens Utdanningskontor til Administrasjonsavdelinga

Dette medførte og ei auke i antal tilsette og pr. 31.12.2003 hadde embetet 143,85 årsverk.

## 1.2 Rekneskap for 2003


Embetets økonomi er ikkje tilfredstillande i den forstand at vi ikkje har nok ressursar til å løyse dei oppgåvene vi har. Det har ført til underskott på drifta for 2003

### Nokre nøkkeltal


Tildeling 2003	56 576 000
Overført frå 2002	139 000
Tilleggsøyvingar	1 064 000
<b>Sum tildeling</b>	<b>57 779 000</b>
Diverse inntekter/refusjonar	8 142 667
<b>Sum tildeling og inntekter</b>	<b>65 921 667</b>
Lønskostnader inkl. arbg.avg.	-48 996 914
Driftskostnader	-19 504 084
<b>Sum kostnader</b>	<b>-68 500 998</b>
Korreksjonar / restanse	1 613 582
Meirforbruk teknisk eining	-209 767
<b>Korrigert underskott</b>	<b>-1 117 516</b>

## 1.3 Likestilling


### 1.3.1 Gjennomsnittsløn kvinner og menn




### 1.3.2 Kjønnsfordeling kvinner og menn – alle stillingskategoriar




### 1.3.3 Kjønnsfordeling – deltid - absolutte tal



### 1.3.4 Kjønnsfordeling – nyrekruttering internt og eksternt



### 1.3.5 Leiing – absolutte tal



### 1.3.6 Tiltak

Embetet har særleg fokus på to område.

For det fyrste arbeider vi for å redusere lønsskilnader. Sjølv om det ikkje er heilt klart kva som er årsakene til lønsskilnadene, så har vi fokus på problemstillinga ved nyrekruttering og ikkje minst ved lokale lønsforhandlingar. I 2004 har vi som mål å finne meir ut av årsakene til lønsskilnader.

For det andre er det eit klart mål å få til ein betre kjønnsbalanse i leiarsjiktet. Kjønnsdimensjonen er alltid med i vurderingane innafør dei rammene Personalreglementet sett.

## 1.4 Tiltak retta mot organisasjonen og personalet

I og med vi var ein nyfusjonert organisasjon frå 01.01.2003, var det viktig å sette fokus på organisasjonsbygging og utvikling av fellesskapskjensle. Vi har mellom anna hatt seminar/samankomstar for alle tilsette i året som gjekk. Det vil bli følgje dette opp i 2004.

## 2. Sentrale politiske føringar

### 2.1 Kommuneretta verksemd – samordning og rettleiing

I tildelingsbrevet er det under dette punktet spesielt vist til regjeringa sitt moderniseringsarbeid. Fylkesmannen har mellom anna nedverka til eit enklare samfunn ved å rigge til eit velfungerande og samordna embete etter fusjonen mellom Fylkesmann, Fylkeslege og Statens Utdanningskontor.

Det er etablert samarbeidsprosjekt mellom fylkesmannen og fylkeskommunen, ”Den regionale dialog” for å utnytte felles ressursar, særleg innafor regional/kommunal planlegging, og forenkle dialog og kontaktflate mot brukarane, i hovudsak kommunane. Prosjektet blir evaluert i 2004.

Fylkesmannen formidla i 2003 2.6 mill. kroner av kommunale skjønnsmidlar til konkrete omstillingstiltak i kommunane.

Ølen kommune og Vindafjord kommune søkte i 2003 om å få slutte seg saman til ein kommune, Vindafjord kommune frå 01.01.06. Fylkesmannen leia fellesmøte før søknad vart send, og ytte rettleiing og formidla kontakt mellom kommunane og sentrale styresmakter i denne fasen. Løyve til samanslutning vart gitt i januar 2004.

Fylkesmannen driv utstrekt rettleiingsverksemd overfor kommunane innafor dei ulike politikkområda og forvaltningsområda som ligg til embetet. Ut over det som er nemnt ovanfor, var ikkje fylkesmannen direkte involvert i kommunale omstillings- eller moderniseringsprosjekt. Det er likevel i gang ei rekkje interessante prosjekt og tiltak i kommunar, og ikkje minst mellom kommunar, med tanke på samarbeid, effektivisering og rasjonalisering.

Hausten 2003 gjennomførte fylkesmannen brukarundersøking i alle kommunane i fylket. Svarprosenten var heile 88, 24 av 27 kommunar. Ved årsskiftet blir det arbeidd med oppfølging av undersøkinga.

Fylkesmannen sin nettstad har blitt utvikla og oppdatert i 2003. Den er ved årsskiftet ein viktig informasjonskanal til kommunar og andre brukarar av fylkesmannen sine tenester. Arbeidet med nettstaden vil bli vidareført inn i 2004.

Det er elektroniske sakshandsamar- og arkivsystemet ePhorte, er i full drift ved årsskiftet. Til no har det gått med svart mykje ressursar og energi til opplæring og innføring. Rasjonaliseringsgevinsten ser ut til å la vente på seg.

Oppfølging av nasjonal politikk, spesielt overfor kommunane, er ei av fylkesmannen sine kjernefunksjonar. Fylkesmannen legg svart mykje energi i å samordne slik politikkformidling og oppfølging både internt i embetet og med andre statlege og regionale etatar. Her kan vi nemne samordning av verkemiddelbruk med fylkeskommunen og SND, samordning av miljøretta verkemidlar, omfattande samordning og samarbeid innan beredskap gjennom fylkesberedskapsrådet, nettverksgrupper og prosjektgruppe for ”Øving Rogaland 2003”. Vi nemner også her prosjektet ”Den regionale dialog”, samarbeidsprosjektet med fylkeskommunen, særleg retta mot regional- og kommunal planlegging. Over 1000 plansaker har vore omtrent likt fordelte mellom fylkesmannen og fylkeskommunen i uttalefasen, der den eine etaten også uttaler seg på vegne av den andre. 2003 har vore eit aktivt planleggingsår. Dei fleste kommunane har fornye sine kommuneplanar, Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, natur- og kulturvern, Fylkesdelplan for Haugalandet. Vi nemner også RUP-samarbeidet og det omfattande samarbeidet med dei store verksemdene i Rogaland når det gjeld produksjon av mat.

Fylkesmannen arrangerer møte med alle regionale statsetatar minst to gonger årleg. Det same gjeld Fylkesberedskapsrådet, som i stor grad gjeld dei same etatane.

### *Kommunedialogprosjektet*

På bakgrunn av St.meld.nr 19 (2001-2002) ”Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå”, har Landbruksdepartementet sett i gang flere prosjekt for å følge opp kommunesektoren på landbruksområdet. Rogaland har fått midlar frå departementet for å gjennomføre delprosjekt ”utvikling av landbrukspolitisk dialog på regionalt nivå”. Prosjektet blei avslutta 01.04.03, og det er utarbeidd rapport.

Landbruksavdelinga har i 2003 vore på besøk i 10 kommunar for å gje tilbakemelding på kommunane sitt arbeid på landbruksområdet. Det vert sett fokus på å orientere kommune om dei endringane som kjem i 2004, då kommunane får ansvar for fleire landbruksrelaterte oppgaver.

## **2.2 Velferd, helse og personretta tenesteyting**

Tildelingsbrevet for 2003 peikar under punkt 2.2 på særskilde satsingsområde i rapporteringsåret. Fleire av desse handlar om nokre av dei mest sentrale oppgåvene til Fylkesmannen.

### *Retts hjelp*

Embetet har registrert ein formidabel vekst i talet på retts hjelpssaker dei siste åra, 23% berre frå 2002 til 2003. Noko av dette skuldast omlegging av regelverket, slik at fleire kan søkje. Utan auka ressursar har det vore vanskeleg å oppretthalde kort saksbehandlingstid, slik at ein ved årsskiftet er oppe i 3-4 månader. Saksfeltet er likevel høgt prioritert, noko som går ut over annan saksbehandling.

### *Valdsoffer*

Stor vekst i saksmengde har gjort det umogleg å opphalde målsetjing om 3 mnd. saksbehandlingstid. Frå hausten 2003 er saksfeltet tatt vekk frå fylkesmannen, slik at nye saker ikkje kjem inn. Trass i dette sit vi att med ein restanse på 190 saker ved årsskiftet. Dette krev over eitt årsverk i saksbehandlingsskapasitet.

### *Overformynderi*

Fylkesmannen har behandle ei rekkje enkeltsaker knytt til overformynderia sitt arbeid. Det har ikkje vore mogleg å setje av ressursar av betydning når det gjeld tilsyn. Hovudinntrykket er likevel at overformynderia gjer tilstrekkeleg godt arbeid.

### *Stiftingar*

Fylkesmannen har i 2003 prioritert arbeidet med å få fagområdet meir i tråd med regelverket. Dette har vi kunne gjere ved at det har kome inn noko færre enkeltsaker enn åra før.

### *Allemannsretten – velferd og helse*

Fylkesmannen har også i 2003 brukt vesentlege ressursar til å sikre allemannsrettar gjennom innspel og motsegner til regionale og kommunale planar og behandling av kommunale enkeltsaker. Her kan særskilt nemnast bygging i strandsona. Trass i dette arbeidet opplever ein likevel store variasjonar mellom kommunane når det gjeld å ta nasjonal politikk på alvor. Ein vesentleg suksessfaktor er også at sentrale styresmakter støttar opp om det arbeidet fylkesmannen her gjer.

### *Sosial- og helsepolitikk*

Fylkesmannen spelar ein sentral rolle i utvikling og oppfølging av den nasjonale sosial- og helsepolitikken. Fylkesmannen er i så måte involvert i mange handlingsplanar og særskilde prosjekt; *Handlingsplan for førsetlina i sosialtenesta, kvalitetsrådgeving i helse- og sosialtenesta (mellom anna internkontrollsystem), rekrutteringsplan for helse- og sosialpersonell, nasjonal krefitplan, opptrappingsplan for psykisk helse, kvalitet i eldreomsorga, samt særskilde tiltak som gjeld fysisk aktivitet og kosthald.*

Som følgje av *Folkehelsemeldinga* har Fylkesmannen starta arbeidet med å sjå på organisering av folkehelsearbeidet i embetet. Svært mange av fylkesmannen sine ansvarsområde dreier seg direkte eller indirekte om folkehelse spørsmål. Dette vil det bli arbeidd vidare med i 2004. For at fylkesmannen skal kunne gjere fullgodt arbeid innafor desse satsingsområda, som er så viktige for folks helse- og velferd, er det ein føresetnad at det blir løyvd nok ressursar, slik at ikkje nye satsingar går ut over andre kjerneområde, som til dømes behandling av enkeltsaker.

### *Helsemessig- og sosial beredskap*

Fylkesmannen integrerer dette fagområdet i anna beredskapsarbeid retta mot kommunane. Helse var såleis også eit sentralt element i kommuneberedskapsøvinga i 2003.

### *Tilsyn med helse- og sosialtenesta*

Tilnærme 75% av ressursane fylkesmannen si helse- og sosialavdeling blir brukt til tilsyn. Trass i dette maktar vi ikkje å følgje opp dei mål og krav som er sette for tilsynet. Dette skuldast mange, og stor vekst, når det gjeld tilsynsobjekt, samt til dels ressurskrevjande tilsynsmetodar. Det har såleis ikkje vore utført så mange institusjonstilsyn som regelverket krev, og tilsyn med kommunal organisering av tenestene har vorte nedprioritert. Tilsynsaktiviteten er likevel såpass omfattande at det er grunnlag for å hevde at desse velferdstenestene i det store og heile fungere tilfredsstillande i Rogaland.

### *Likestilling*

Under kap. 1 i denne årsrapporten er det presentert statistikk og tiltak retta mot mellom anna personell og lønn i embetet. Når det gjeld eksternt likestillingsarbeid vil vi her peike på særskilde prosjekt med klar likestillingsprofil:

*"Frå røter til vekst"* er eit treårig prosjekt som har som hovudmål å gjere det attraktivt for begge kjønn å virke og bu på bygda. Prosjektet starta i juni 2002 med prosjektleiar tilsett i full stilling. Landbruksdepartementet støttar prosjektet, og Rogaland er saman med Nord-Trøndelag tatt ut som pilotfylke i denne satsinga. Prosjektet er retta mot begge kjønn i bygda, men ungdom og kvinner står spesielt sentralt i satsinga. Hjelmeland, Sokndal og Suldal er tatt ut som pilotkommunar i Rogaland.

Det vart arrangert *likestillingsseminar* 25. november: Likestilling i offentlig sektor. (Tema: aktivitets- og utgreiingsplikta, kjønnsnøytralitet)

*"Operasjon Minerva"*; eit prosjekt for å styrke jenter si interesse for realfag og IKT.

Rettleiaren *"Kjønnsdimensjon i planlegging"* vart i 2003 utarbeidd av Kvinneuniversitetet Nord. Fylkesmannen var med i prosjektgruppa og rettleiaren eit direkte og konkret resultat av Fylkesmannen i Rogaland sitt likestillingsprosjekt 1997 – 2000.

Etter kommunevalet reagerte fylkesmannen mot valoppgjeret i fira av kommunane i fylket når det gjeld kjønnsamansetting av råd og utval.

### **2.3 Barn og oppvekst**

Fylkesmannen har samordna arbeidet med barnehagar og skole/undervisning ved å legge desse saksfelta i same avdeling frå 2003. Arbeidet med barnevern er lagt i avdelinga saman med helse og sosial, også for best mogleg samordning. Barn- og unges oppvekstmiljø er dessutan sentrale element innafor andre område, ikkje minst regional- og kommunal planlegging. I løpet av 2003 har fylkesmannen styrka arbeidet med barnehagar.

Målsetjinga for barnehageutbygging i kommunane for 2003 vart oppfylt. Utbygginga er likevel ikkje stor nok til å dekke behov og Rogaland ligg framleis tredje sist mellom fylka når det gjeld barnehagedekning. Det må byggjast over 100 barnehageplassar innan 2005. Forvaltning av statlege barnehagemidlar er følgd opp etter føresetnadene.

Når det gjeld barnevern, så har fylkesmannen heller ikkje i 2003 makta å oppfylle lovfesta krav til tilsynsfrekvens. Dekninga er i overkant av 60%. Dette utgjer likevel 196 besøk til 40 institusjonar. Alle institusjonar har såleis fått fleire tilsynsbesøk og fylkesmannen sitt generelle inntrykk er at barna som bur i desse institusjonane får god omsorg og behandling. Det er for få ressursar til tilsyn med kommunane si oppfølging av mellom anna barn plasserte i fosterheimar.

### **2.4 Regional planlegging og arealpolitikk**

Fylkesmannen i Rogaland har framleis store utfordringar i samband med arealdisponeringa i kommunane. Oppfølging av nasjonal arealpolitikk har vore høgt prioritert, men arbeidsområdet krev større ressursar enn vi har til rådvelde. Vi deltek så langt vi kan i overordna planarbeid, gjev innspel på tidleg tidspunkt og har merknader, faglege råd eller motsegn dersom alvorlege brot på arealpolitikken blir planlagt av kommunane. Vi klarer ikkje å hindre bit-for bit-nedbygging på tross av stor innsats.

Jordvern, strandsonevern, biologisk mangfald, og barn og unge sitt oppvekstmiljø er sentrale omsyn i fylkesmannen sin medverknad og behandling av arealplanar. Samarbeidsprosjektet *"Den regionale dialog"* mellom fylkesmannen og fylkeskommunen gjer det mogleg å spare ressursar, forenkle regionale planprosessar, ikkje minst i forhold til kommunane.

Fylkesmannen har i 2003 vore aktiv i regional planverksemd, spesielt *"Fylkesdelplan for Friluftsliv, Idrett, Natur- og kulturvern"* (FINK) og *Fylkesdelplan for Haugalandet*

Kommuneplanarbeidet er høgt prioritert hos Fylkesmannen i Rogaland. 2003 var eit særskilt år når det gjeld fornying av kommunale planar (16 av 27). Trass i omfattande arbeid på det førebuaende plan opplever vi auke i konflikhtar som krev mekling. Dette skuldast naturlegvis mange planar, men også ein tendens til at ein større del av planutkasta frå kommunane inneheld konflikhtar i forhold til sektorstyresmaktene.



Fylkesmannen følger også opp kommunale arealplanar med omsyn til samfunnstryggleik og beredskap . Det vart i 2003 mellom anna fremja motsegn til 10 kommuneplanar innafør området samfunnstryggleik

Fylkesmannen har også i 2003 vore aktiv deltakar og samordnar innafør RUP-arbeidet, initiert av fylkeskommunen. Her særskilt saman med SND og, Aetat.

#### *Klagesaksbehandling*

Saksbehandlingstida for klagesaker etter plan- og bygningslova er framleis for lang. Målsetjinga for 2003 var 3 mnd. Resultatet vise tvert imot ei forverring av situasjonen – gjennomsnittleg 7 mnd. Dette skuldast auka saksmengde, større kompleksitet, mange setjefylkesmannssaker og ferske medarbeidarar på dette feltet. Saksfeltet blir styrka i 2004 ved bortfall av andre oppgåver, til dømes valdsoffer.

#### *Plandata og arealdokumentasjon*

Fylkesmannen har innleia samarbeid med fylkeskommunen og AREALIS-Rogaland omei nettbasert kartløyising. Denne vil gje enkel tilgang til viktige nasjonale og lokale kartdata for alle samarbeidspartane.

Det er viktig at GIS-avtalane blir forlenga. GIS er tatt i bruk i Landbruksavdelinga og Miljøvernavdelinga, men ressursmanglar har forseinka vidare utvikling.

16 kommunar (av 27) og 7 regionale etatar deltek no i AREALIS-samarbeidet i fylket.

## **2.5 Næringsliv, innovasjon og nyskaping**

### Landbruksproduksjon

Førebels statistikk viser at det pr. 31.07.2003 var det 5 392 søknader om produksjonstilskott frå Rogaland av totalt 54 904 på landsbasis. 5 182 av søknadane kom frå enkeltmannsforetak og 210 frå foretak med anna selskapsform. Av enkeltmannsforetaka var det 627 søknader (12 %) frå foretak registrert på kvinner og 4555 (88 %) registrert på menn.

### Investeringsstøtte til miljøtiltak

I 2003 er det til saman løyvd støtte til 41 tiltak med til saman eit løyvd tilskot på kr. 4 224 331. Av dette er 36 løyvingar til fangdammar/reinseparkar og 5 søknader til miljøplantingar.

### STILK

I 2003 er det løyvd 5 366 897 kr. i tilskott til totalt 118 søknader. Av desse er løyvd tilskot til 19 kvinner (16%), 88 menn (75%) og 11 til ulike fellestiltak (9 %). Av det løyvde beløpet er 22% løyvd til kvinner, 63 % til menn og 15% til fellestiltak.

### Organisert beitebruk:

Forvaltning av støtteordninga. Ei sentral oppgåve i 2003 var å få beitelaga registrert med organisasjonsnummer i Brønnøysund (etter krav frå Skattedirektoratet).

Den 11. og 12.august 2003 var det regional samling for beiteutval i Hordaland. Fylka som var representert: Buskerud, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland og Hordaland.

### Ervervsmessig husdyrhald:

Behandling av søknader om husdyrkonsesjon. Utsending av brev til svine-/fjorfeprodusentar i samband med utviding av konsesjonsgrensene. Gjennomføring av nokre kontrollar dvs gardsbesøk. Informasjon om nye kons.-grenser m.m. på kommunesamlinga 12.-13.3.03 og i samband med kurs for kommunane om tilskotsforvalt. 13.august 2003.

### Kontroll av tilskotsordningar:

I 2003 vart kontroll av BU-midlar forvalta av SND (Innovasjon Norge frå 1.1.04) prioritert. Det vart gjennomført kontrollar hos 16 støttetaktakarar i fire kommunar (Sandnes, Hå, Rennesøy og Finnøy). Rapport er sendt til LD med kopi til SLF og Innovasjon Noreg.

### Økologisk prosjekt

Landbruksavdelinga sette i juni 2002 i gang eit forprosjekt for å auke tilslutning til økologisk landbruk i Rogaland. Det er tilsett prosjektleiar i full stilling. Prosjektet drivast av Landbruksavdelinga og er eit rettleings- og utviklingsprosjekt finansiert av [Statens landbruksforvaltning](#). Tiltaka i prosjektet skjer i samarbeid med Jæren

forsøksring, Haugaland forsøksring og TINE Meieriet Sør. I dag har Rogaland 51 bønder som driv økologisk. Målet i prosjekt økologisk landbruk i Rogaland er å auke produksjonen av økologiske varer i Rogaland. I 2003 var det 9 produsentar som la om til økologisk produksjon i Rogaland. Dette er ein auke på 13 % i høve til 2002. Det aller meste av arealet er eng og innmarksbeite, og mjølkeproduksjon er mest utbredt.

#### Rettleiingsprosjektet

Landbruksavdelinga har i 2002 fått midlar til prosjektet "Veiledningstjenesten i landbruket". Det har vore tilsett prosjektleiar i 50% stilling. Prosjektet skal initiere utvikling og gjennomføring av pilotprosjekt for utprøving av modellar for organisering av rettleiingstenesta i landbruket. Det skal stimulerast til meir føremåls- og kostnadseffektiv organisering av rettleiingstenesta på tvers av noverande organisasjons- og institusjonsgren

### **2.6 Samfunnstryggleik og beredskap**

Samfunnstryggleik og beredskap er framleis eit svært sentralt arbeidsområde for Fylkesmannen i Rogaland. 2003 var såleis eit aktivt år, ikkje minst på grunn av "Øving Rogaland 2003", der kommunane si krisehandtering/kriseorganisering var hovudtema.

Fylkesmannen har elles vidareført og vidareutvikla kommunenettverka, samarbeider tett med medlemmene i Fylkesberedskapsrådet og gjev innspel om samfunnstryggleik til kommuneplanar. Det vart i 2003 mellom anna fremja motsegn for 10 kommuneplanar innafør dette fagområdet.

Det er utført 7 tilsyn med kommunane i 2003

### **2.7 Prioriterte oppgåver på miljøområdet.**

Fylkesmannen har sett inn meir ressursar på tilsyn retta mot miljøgifter og støy.

Med ekstra SFT-finansiering er tiltaksplan for Stavanger hamn ferdig utarbeidd og planar for andre forureina fjord/hamnar

Fylkesmannen har følgt opp nytt forslag til vern av vassdrag.

Fylkesmannen har elles lagt ned store ressursar i å gjere kommunane i stand til å overta ei rekkje oppgåver når det gjeld landbrukspolitikk, noko som også har mykje å seie for miljøforvaltninga i kommunane.

Fylkesmannen gir startpakke til kommunane som får tilskot til kartlegging av biologisk mangfald. 26 av 27 kommunar er godt i gang.

## **3 Dei einskilde resultatområde – inndelte etter departement**

### **Miljøverndepartementets resultatområde**

(Ein meir detaljert rapport er sendt til Direktoratet for naturforvaltning og Statens forureiningstilsyn)

#### **RESULTATOMRÅDE 01: VERN OG BRUK AV BIOLOGISK MANGFALD**

##### **Vassdragsforvaltning**

FM løyser oppgåver knytt til rollen som regional vassdragsstyresmakt, slik det følgjer av den nye vassressurslova. Vi har og følgt opp EU sitt vassdirektiv ved å delta i demonstrasjonsprosjektet Suldal Stavanger og i karakterisering av Orrevassdraget.

Fylkesmannen har og behandla søknader knytt til Interkommunalt vann, avløps og renovasjonsverk (IVAR) sitt vassforsyningssystem.

FM har følgt opp nytt forslag til vern av vassdrag, gitt uttale til NVE og informert overfor organisasjonar og kommunar. Det har vore mest diskusjon om Bjerkreimsvassdraget.

FM følger opp det vesentlige av retningslinjene for forenkling av lokale forskrifter etter lov om laksefisk og innlandsfisk. FM har mange arbeidskrevjande oppgaver knytt til fisket etter laks og sjøaure. Det er fiskereglar, fangstatistikk, sjøfiskareregistrering, fangstdagbøker. Ny forskrift har vore på høyring i 2003 og vil bli vedteke for 2004 og 5 år framover.

**Vasskrafttilknytt arbeid.** FM følger opp oppgåvene knytt til drift av Samla plan for vassdrag. Påbegynte vassdragsrapportar er slutført. Nokre større saker ta når kapasiteten betrast. Utbyggingsplanane bør først avklarast av kommunane i kommuneplanen.

FM følger hovudprinsippa for utsetting av fisk i ferskvatn i sine kultiveringsplanar. Kultiveringsplanen blir ikkje revidert med det første.

Nye forslag til oppdaterte regulantpålegg er ennå ikkje utarbeida pga liten kapasitet og utsett myndeoverføring frå DN.

### **Kulturlandskap**

På dette feltet har fylkesmannen fått svakare verkemiddel. Vi har eit visst oppsyn med de prioriterte kulturlandskap gjennom aktiv samordning av verkemidla. Områda i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap (tilstand, tilskot, planer, trugsmaal m.v) blir statusrapportert.

### **Biologisk mangfald**

FM gir startpakke til kommunane som får tilskot til kartlegging av biologisk mangfald. Kartlegginga følger DN-handbøkene og at raudlisteførekommstar skal kartfestast. FM har følgd opp kommunane. 26 av 27 kommunar er godt igang (ikkje Utsira), men datainnlegging ligg noko etter. Raudlistekartlegginga utanom for vilt er komme kort.

I arbeidet med kart over inngrepsfrie områder (INON), har vi rettleia kommunane i deira innsamling av vegdata.

FM følger opp regjeringas rovviltpolitikk og bruker databasen "Rovbasen" i forvaltninga.

I Rogaland er Dirdalsvassdraget i Rogaland det einaste som blir overvaka i det nasjonale elvedeltaprojektet.

FM har fokus på miljøkriminalitet og held politiet og SNO (Statens naturoppsyn) informert om eventuelle brot på lover og forskrifter. Vi samarbeider med politiet i Miljøforum og har nær politiet sin påtaledel om oppfølging av miljøbrottsverk. To nye SNO-tilsette er på plass, og samarbeidet er godt i gong. Det blir arbeidd nå med "bestillings-liste" i forhold til dei aktuelle ansvarsområda.

## **RESULTATOMRÅDE 02: FRILUFTSLIV**

Som følgje av ressursmangel er resultatområdet noko nedprioritert. Vi vurderar søknader om tilskot og deler ut midlar. Sikra område blir lagt inn i Naturbasen, Elles prioriterer vi allmenta sine rettar, særleg i strandsona sidan kommunane ikkje har god nok forståing for dette.

Vi rapporterer og om motorferdsel i utmark for føregåande barmarksesong og vintersesong basert på kommunale opplysningar.

## **RESULTATOMRÅDE 04: OVERGJØDSLING OG OLJEFORUREINING**

### **Kommunalt avløp**

Delegert mynde blir følgd opp. Aktuelt er nye utsleppsløyver for Karmøy, Haugesund og Hå kommunar, dessutan for delar av Tysvær, Klepp og Gjesdal. Det er gitt uttale til SFT om ny forskrift. Databasen SESAM blir ajourført.

### **Overvaking av vassressursane**

Det pågår arbeid med å laga overvakingssplan Rogaland, men den er ikkje ferdig. Vi legg vekt på å halde fram etablerte overvakingar med tanke på å vurdere dei totale verknadene av aktivitetane i nedslagsfeltet. Fylkesmannen innhentar nødvendige data og oppdaterer Sesam innan overvaking og akvakultur.

### **Beredskap mot akutt forureining**

Fylkesmannen har fast to miljøfaglige rådgjevarar som hjelper til under kommunale og interkommunale øvingar og aksjonar mot akutt forureining. MOB-kart for marint miljø er følgd opp i heile fylket. I grenseoppgangen mellom fylkesmannens og kommunens ansvar må det takast omsyn til kommunen sitt totale ansvar for beredskap.

## **RESULTATOMRÅDE 05: HELSE- OG MILJØFARLIGE KJEMIKALIAR**

### **Forureina grunn og sediment**

Fylkesmannen følger opp nettdatabasen/grunnforureiningsbasen for å sikre ålmenta til ei kvar tid oppdatert informasjon om kommunale fyllingar og andre forureina område. Status rapportert til SFT.

Fylkesmannen har slutført arbeidet med å syte for at miljøproblema ved dei høgast prioriterte stadane med forureina grunn (tidl. rang 1 og 2) i grunnforureiningsdatabasen.

Arbeidet med å syte for at undersøking av miljøtilstanden på B-listelokalitetane med forureina grunn, er starta opp der det finst ein ansvarlig for lokaliteten. Brev er sendt ut til aktuelle instansar.

Mest arbeid på resultatområdet er knytt til søknadar om graving/dumping i forureina sediment. Dette gir oss og oversikt over miljøtilstanden, men bind opp så mykje ressursar at vi ikkje kan ta imot ytterligere delegering av SFT-oppgåver.

Med ekstra SFT-finansiering er tiltaksplan for Stavanger hamn utarbeidd. Planane for andre fjordområde; Karmsund, Sauda og Sandnes er i rute og sende til SFT.

### **RESULTATOMRÅDE 06: AVFALL OG GJENVINNING**

Fylkesmannen formidlar og følgjer opp styresmaktene sin avfallspolitikk overfor kommunar, avfallsselskap og andre aktørar. Det er krevjande arbeid på grunn av at det ofte er best økonomi i å omgå regelverket. Td vil alle deponieigarar søke om dispensasjon frå ny deponiforskrift. For liten saksbehandlingskapasitet gjer at det vil ta lang tid å behandla dispensasjonssøknadane. Sidan regelverket og bransjen er i endring, er det stor avfallstransport over fylkesgrenser, noko som svekker økonomien hos dei aktørane som vil drive innafør regelverket. Det har vore nyttig å delta hos SFT i utviklinga av nytt regelverk.

Innrapportering av avfallsdata frå bransjen er vanskeleg. Data kjem ofte seint, må purrast på fleire gonger og manglar svært ofte sigevassmengder trass i vilkår i gitte løyve.

Fylkesmannen har, så langt vi har mynde, sytt for at anlegg som behandlar EE-avfall har løyve til dette basert på Retningsline 99:02 frå SFT.

Fylkesmannen har gitt biloppsamlarar to nye løyve etter forskrift om kasserte kjøretøy. Tre andre oppsamlingsplassar blir kontrollert mot eksisterande løyve og nye krav.

### **RESULTATOMRÅDE 07: KLIMAENDRINGAR, LUFTFORUREINING OG STØY**

Resultatområdet er noko nedprioritert pga at andre oppgåver har høgare prioritet.

Fylkesmannen medverkar til at målet om redusert energiforbruk og klimagassutslipp blir tatt omsyn til i fylkesdelplanar for areal- og transportplanlegging og i kommunal plansamheng, jfr. Rundskriv T 2/98 B. Dette arbeidet inngår som ein integrert del av fylkesmannen sitt arbeid med disse planane. I arbeidet med lokal luftforureining og støy har fylkesmannen ei viktig oppgåve i å sjå til at kommunane viser dei nasjonale måla og gjeldande regelverk på eit tidlig tidspunkt i overordna planprosessar.

SFT har fått status om arbeidet med støy etter grenseverdiforskrifta.

### **RESULTATOMRÅDE 09: REGIONAL PLANLEGGING**

Fylkesmannen deltek i alt overordna fylkesdelplanarbeid, m.a. i samarbeid med fylkeskommunen, vegkontoret og fiskeridirektoratet,

Overordna signal er at plan- og enkeltsaksbehandling som truar rettstryggleiken eller nasjonale/viktige regionale miljøverninteresser, blir prioritert. Fylkesmannen har utarbeidd nye rutinar for betre prioritering og effektivisering av plansaker m.a. gjennom samarbeidet "Den regionale dialog" med fylkeskommunen.

Overordna planar blir framleis prioritert. Talet på saker er stort, registrerte saker inn i 2003 var ca 1000. Stort sakspress innebærer mykje bruk av standardbrev og at vi ikkje alltid greier å følgje opp dei nasjonale måla for arealbruken, m.a. for kystområda, inngrepsfrie område og biologisk mangfald.

Innføringa av nye tidsfristar gjer at fleire saker enn tidlegare får manglande kvalitet i behandlinga. KU-basen blir ajourført ved at relevant informasjon vert lagt inn.

## **Kommuneplanlegging**

Kommuneplanarbeidet er høgt prioritert og gjennom aktiv deltaking i planprosessar, og med bruk av motsegner og faglege råd syter FM for at nasjonal arealpolitikk blir lagt til grunn. Frå april 2003 har vi inngått eit forplikande samarbeid – ”den regionale dialog” - med fylkeskommunen når det gjeld arbeid med kommuneplanar, med meir konkret samarbeid om saksutgreiningar og samordning av synspunkt.

Vi har, meir enn før, registrert ein sær sars aktiv periode med rullering av kommuneplanar den siste tida før kommunevalet, der heile 16 kommunar i Rogaland har gjort vedtak om ny kommuneplan i 2003. Det er svært vanskeleg å prioritere tilstrekkelege ressursar til slike ekstraordinære arbeidstoppar.

Første del av 2003 var heile 12 kommuneplanar på høyring, og hausten 2003 er det gjennomført mange drøftingsmøte og meklingar i samband med sluttbehandling i kommunane. Det har vore ein tendens til at fleire kommunar sender kommuneplanen på nye høyringar fordi nye tema kjem opp etter første høyring, og dette har ført til ekstra krevjande planprosessar.

Det er utarbeidd 4 oppstartbrev i 2003, og det er gitt fråsegn til 12 kommuneplanar, og mange av planane har vore på fleire høyringar. Det er elles fråsegner til 4 kommunedelplanar. Det er laga innstilling til fylkeslandbruksstyret for totalt 25 behandlingar av kommuneplanar. 6 kommuneplanar har vore 2 eller fleire gonger til behandling i fylkeslandbruksstyret.

I planprosessen blir det gjennomført ulike møte og/eller synfaring i sluttfasen av kommuneplanarbeidet utan at dette blir rekna med i oversikten over saker, i og med at konflikten blir løyst før mekling.

## **Reguleringsplanar**

Reguleringsplanarbeid og enkeltsaksbehandling i form av dispensasjonssøknader frå kommuneplanen er nødvendig å følgje tett opp for at ikkje nedbygging av nasjonalt viktige område, for eksempel strandsona, inngrepsfrie område og nasjonalt viktige natur-, friluftsliv- og landskapsområde. Ressursbruken i samband med dette er svært stor pga manglande kommunal respekt for nasjonal arealpolitikk.

### **Klage på reguleringsplanar**

Fylkesmannen fekk i 2003 60 klager på reguleringsplanar . 43 blei behandla. Av desse er 37 stadfesta, 3 er avvist, 1 er oppheva, 1 er delvis oppheva og 1 er sendt til Miljøverndepartementet for avgjerd.

Saksbehandlingstida var mellom ca 4 til 8 månader.

### **Planstatistikk**

Etter innføringa av ephorte er det ikkje mogleg å ta ut ulike planstatistikk som i tidlegare år. Dette er ein stor mangel som AAD og MD bør sjå til at finn si løysing.

### **Mekling plankonfliktar**

Vi har registrert stor auke i talet på meklingsaker i 2003 i høve til tidlegare år, noko som m.a. kjem av at der har vore mange kommuneplanar på høyring. Men det er samstundes ein tendens til at ein større del av plansakene frå kommunane har konfliktar i høve til sektorstyresmakter.

Det blei gjennomført formell mekling i 8 kommuneplansaker i 2003. Det blei i desse sakene oppnådd semje i 5 saker og 3 av sakene er, eller blir, sende til departementet for endeleg avgjerd. 4 kommuneplansaker med motsegner er løyst gjennom drøftingsmøte utan mekling.

Det er gjennomført formell mekling i 8 reguleringsaker i 2003, og 3 av desse sakene er sende til departementet for avgjerd. Fleire reguleringsaker med konfliktar er løyste gjennom drøftingsmøte arrangert av fylkesmannen.

## **RESULTATOMRÅDE 10: KART- OG GEODATA**

Fylkesmannen vil peike på den viktige rollen kartverk-avtalen og Geovekst-avtalen har hatt for å ta i bruk GIS-verkty og digitale kart innan embetet og i fylket. Dette har bl.a. ført til at Fylkesmannen har inngått eit samarbeid med Rogaland fylkeskommune og AREALIS Rogaland om etablering av ei nettbasert kartløyising. Denne vil på ein enkel måte gi innsyn på viktige nasjonale, regionale og lokale kartdata for både fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunane og dei andre Arealis-partane.

Det er viktig at kartavtalane blir vidareførte slik at det arbeidet med å implementere digitale kart i alle avdelingar kan halde fram. GIS er i dag tatt i bruk i Landbruksavdelinga og Miljøvern-avdelinga, men mindre ressursar enn før har forseinka utviklinga. Det er store utfordringar innan felte organisasjonsutvikling og kompetanseheving for ei vellukka implementering. Det har likevel ikkje vore mogleg å prioritere midlar til samordning av geodata-verksemda i 2003. Landbruksavdelinga vil i mars 2004 bli samlokalisert med resten av

embetet. Dette bil mellom anna føre til at Fylkesmannen vil få ei samordnadataforvaøltning og at samordninga av geodata-arbeidet lettare kan komme i gang.

Fylkesmannen deltak aktivt i AREALIS-arbeidet i fylket. Landbruksdirektøren er leiar av styringsgruppa og prosjektleiinga er forankra i Landbruksavdelinga. Det deltek 16 kommunar og 7 regionale etatar i AREALIS-samarbeidet i Rogaland. Fylkesmannen bidrar med sine datasett til AREALIS der dei blir distribuerte til deltakarane, og datasett leverte av dei andre partane, blir tekne i bruk i eigen organisasjon

Fylkesmannen kvalitetssikrar geodata (både kart- og eigenskapsdata) i samsvar med gjeldande SOSI-standard og retningsliner gitt av direktorata.

AREALIS Rogaland har følgjande nettstad: <http://www.statkart.noarealis/rogaland>.

Rogalands miljøstatus ligg på nettstaden: [fylkesmannen.no/rogaland](http://fylkesmannen.no/rogaland)

## **RESULTATOMRÅDE 11: TVERRGÅANDE VIRKEMIDLAR OG FELLESOPPGÅVER**

Det er framleis stramme budsjetttrammer for den enkelte fylkesmann for å løyse oppgåver på miljøområdet. Kombinasjonen av stramme budsjetttrammer og omstillingsarbeidet på miljøområdet inneber at FM prioriterer miljøvernpolitikkenes kjerneoppgåver og gjennomfører desse i samsvar med intensjonane i omstillingsprogrammet. Elles er det under dei ulike resultatområda gjort forsøk på å skilje mellom viktige og mindre viktige oppgåver. Dette er mest uråd så lenge vi stadig får fleire oppgåver, færre ressursar og manglande nedprioriteringssignal frå sentrale styresmakter.

### **IKT**

Fylkesmannen brukar fagsystema i saksbehandlinga, slik dette er fastlagt ved innføring av systema. Ephorte har ført til mykje ekstraarbeid på grunn av at systemet ikkje var godt nok utvikla før det skulle tas i bruk. Rutinar for årleg oppdatering av *Miljøstatus* og *Fylkesmannen.no* er etablert.

### **Tilsyn etter forureiningslova**

Fylkesmannen har auka ressursbruken på tilsyn og deltatt i dei tre landsomfattande aksjonane i 2003.

Fylkesmannen gjennomfører eit risikobasert tilsyn. Kontrollplanen kombinert med ei særskilt vurdering av behovet for kontroll av verksemdar som kan medføre fare for utslepp av miljøgifter eller støybelastande verksemdar, dannar grunnlaget for prioritering av kontrollobjekt. Tilsynsomfanget er mindre enn det som synes nødvendig, men mangelen skuldast ressursmangel. Vi ser heller ikkje noen muligheit for rask betring.

Verksemdar er vurdert med omsyn på IPPC-direktivet. Mange av dei har vanskar med å skaffa seg informasjonen for å vurdere utsleppskrava pga at denne informasjonen ikkje finst på norsk. Implementeringa av eMIL har teke mykje tid pga at kvalitetssikringa var meir krevjande enn det som vart signalisert tidlegare. Utsleppstal og avfallsmengder frå verksemdene sine eigenkontrollrapportar for 2001 blir registrerte. Nye utsleppsløyve og kontrollresultat blir lagt inn i INKOSYS.

Neste års planar der samarbeid med SFT er naudsynt er meldt inn som i tidlegare år.

## **Landbruksdepartementets sine resultatområde**

### **RESULTATOMRÅDE 21: LANDBRUKSBASERT NÆRINGS- OG BYGDEUTVIKLING**

#### **Samarbeid med andre på næringsutviklingsområdet**

Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga har 4 regionale medarbeidarar som arbeider med mobiliseringsarbeid og anna næringsutvikling med kontorplass i kommunane. Desse stillingane er finansierte saman med kommunane og SND/Innovasjon Noreg.

Fylkesmannen har delteke i utvikling av RUP. Rogaland fylkeskommune er sekretariat for dette arbeidet der både SND, fylkesmannen og Aetat er aktive deltakarar. Vi har i langt større grad enn tidlegare initiert og delteke i finansieringa av prosjekt i RUP. Dette samarbeidet er viktig også fordi vi dermed får sett landbruket sin betydning for busetnad i lokalsamfunna på dagsorden.

I vår strategi for bruk av BU-midlar til utgreiing og tilrettelegging er det lagt vekt på å dra FOU-organisasjonane inn i eit konstruktivt samarbeid. Vi har likevel vore bevisst på at desse må etablere eit samarbeid med grupper av produsentar. Det er desse som då søker om støtte og brukar midlane til kjøp av tenester i FOU miljøa. Dermed vonar vi å få ein meir målretta bruk av forskarkompetansen.

Vi har elles eit nært og konstruktivt samarbeid med det store matindustrielle miljøet her i fylket. Vi vil spesielt trekkje fram samarbeidet med Fagforum for mat og drikke, Hotellhøgskolen, Gastronomisk institutt og Norconserv. Vi nemner spesielt at så vel fylkeskommunen som Stavanger kommune i sine planar for næringsutvikling framover har definert vidareforedling av mat som eit satsingsområde. Rogaland er det fylket som har hatt mest saker gjennom verdiskapingsprogrammet for mat.

Fylkesmannen samarbeider med næringa gjennom Kontaktutvalet for skogbruk om bl.a. utgiving av tre informasjonsorgan. Andre viktige organisasjonar vi samarbeider med på skogsektoren er Norsk Bygdesagforeining, arkitektar og handverkarar innan restaureringsbransjen, trebåtbyggjarar, Norsk Treteknisk Institutt, Miljøheimevernet og andre miljøorganisasjonar, Foreininga norske lauvtrebruk, Riksantikvaren, Fortidsminneforeininga og musea.

Fylkesmannen, ved en representant for miljø og en fra landbruksavdelingen, har i 2003 deltatt i Fylkeskommunen sitt arbeid med utarbeidelse av "Fylkesdelplan for Friluftsliv, Idrett, Natur,- og kulturvern (FINK) - og sambruk med reiseliv og landbruk". Det er første gang det er utarbeidet en fylkesdelplan for alle disse tema samlet. Utenom deltakelse i prosjektgruppa, har flere fagpersoner fra Landbruksavdelinga underveis deltatt med innspill om forvaltning, bruk og vern av landbrukareal, bygdeutvikling, kulturlandskap og bygningsvern. Endelig behandling av planen vil skje i 2004.

### **Skogbruk**

Gran utgjer ein stadig større del av hogsten i Rogaland; i 2003 heile 47 prosent. Når berre 10 prosent av skogarealet er tilplanta med gran, viser det at grana er det desidert mest høgtproduserande og økonomiske treslaget. Det er grunn til å tru at gran vil bli ein endå meir dominerande del av hogsten i åra framover fordi storparten av granskogen enno er for ung til å hoggast. Avverkinga har vore låg i mange år, og det er små kvanta vi leverer i Rogaland.

Investeringane i planting og stell av ungskog i Rogaland blei redusert med 90 % i fjor samanlikna med 2002, og det tilplanta arealet blei redusert med 70 %. Frigjort areal etter hogst tilseier at det burde vore planta ti gonger så mykje. Viss denne utviklinga held fram, vil det få store konsekvensar for kvaliteten på framtidsskogen. Samanlikna med andre fylke er Rogaland lite som skogfylke. Men på enkelte område er vi større enn kanskje mange reknar med. Skogarealet er mest like stort som i Vestfold. Hogsten av industrivirke av furu er større enn både i Nord-Trøndelag, Nordland og Troms. Rogaland har også større hogst av ved til brensel enn ei rekkje andre fylke, spesielt ligg Rogaland langt framme på hogst av furu til ved. Statistikk frå Statistisk Sentralbyrå viser at berre sju fylke hogg meir enn Rogaland av dette sortimentet.

## **RESULTATOMRÅDE 22: MILJØ- OG AREALFORVALTNING**

### **Prosjekt Bynært Landbruk**

Prosjektet har som målsetting å utvikle eit aktivt, livskraftig landbruk i Jåttå-Grannes-Joa-Røyneberg-området som vil vere attraktivt for næringa, miljøet og friluftslivet. Prosjektet er finansiert med midlar frå Landbruksdepartementet, Miljøverndepartementet, Fylkesmannens landbruksavdeling, Rogaland fylkeskommune, Stavanger kommune og Sola kommune. Det blei starta i 2002 og vil bli avslutta 1.1.2005.

Prosjektet har - i samsvar med målsettinga - utarbeidd ein handlingsplan med konkrete tiltak, inkl. ønska resultat, der tiltaka er ordna både etter målsetting (delmåla) og etter delområde (geografisk). Ein del av dei planlagde tiltaka har i 2003 resultert i konkrete produkt.

- notat ang. ein meir liberal praksis når det gjeld bruk av ledige driftsbygningar,
- notat om korleis sal av landbruksjord til landbruksformål kan bli stimulert,
- brosjyre om bruksoverdragingar,
- eksempel på langvarige leiekontrakt for jordbruksjord,
- utredning om alternativ lokalisering av rideanlegget til Rogaland rideklubb, og
- notat om turstiar som nytt landbruksprodukt.

### **Jordvern**

Jordvern har vore eit sentralt tema i arbeidet med regionale og kommunale plansaker. Fylkesmannen har prioritert formidling av statlege føringar om å sikre areal eigna til matkornproduksjon, slik det også blei stadfesta i St. meld. nr. 19 (1999-2000). Fylkeslandbruksstyret si rolle har vore sentral i praktiseringa av eit strengt jordvern, m.a. ved å vere aktive i spørsmålet om arealutnytting. Fylkeslandbruksstyret har fremja motsegn til planar grunna for dårleg arealutnytting.

### **Regionale plansaker**

Fylkesmannen har prioritert ressursar til regionale plansaker, og i særleg grad arbeidet med "Fylkesdelplan for Haugalandet" og "Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, natur- og kulturvern" (FINK)

Fylkeslandbruksstyret har i 2003 behandla 25 kommune-, og reguleringsplanar. Talet i 2002 var 16 saker.

### **Landbruksplanar**

Følgjande kommunar har per september 2003 starta eller gjennomført arbeidet med landbruksplan:

Stavanger, Sandnes, Klepp, Sokndal, Strand, Forsand, Suldal, Finnøy, Karmøy, Lund, Bjerkreim, Rennesøy, Eigersund, Bokn, Randaberg, Hjelmeland og Sola

## **Barne- og familiedepartementets sine resultatområde**

### **RESULTATOMRÅDE 41: BARNEHAGAR**

#### **1.1 Målet om full barnehagedekning**

Regjeringa si målsetting er å få barnehageplass til alle som ønskjer det innan 2005. I Rogaland hadde 17 673 barn plass i 421 barnehagar ved utgangen av 2002. KOSTRA-statistikken viser at dette gir ei barnehagedekning i Rogaland på 61 %. Dette er den tredje lågaste dekningsgraden i landet. Det er i følgje registreringa i barnehageprogrammet grunn til å tru at prognosen for 2003 om ei utbygging på 959 nye barnehageplassar i fylket, har truffe godt. Dette gir ein auke i dekningsgraden til 64,3 %.

Dekningsgraden varierer sterkt frå kommune til kommune, frå 40,3 % i Strand til 82,4 % på Utsira. Etterspurnaden etter barnehageplassar varierer også sterkt frå kommune til kommune. Dekningsgraden viser såleis ikkje kor stor behovsdekninga er i kvar kommune. Enkelte kommunar med ein dekningsgrad på mellom 50 og 60 prosent, opplyser at alle barn som søker, får barnehageplass.

Samla sett har Rogaland ei stor utfordring når det gjeld å nå målsettinga om full barnehagedekning. Dersom ein legg til grunn at behovet for barnehageplassar i fylket er på 70 prosent for aldersgruppa 1 – 5 år, må det etablerast 1650 nye plassar innan 2005. Dei statlige føringane legg til grunn at etterspurnaden etter barnehageplassar vil auke når foreldrebetalinga blir redusert som følgje av innføringa av lovbestemt maksimalpris. Det er derfor grunn til å tru at behovet i tida framover minst er på 70 prosent.

#### **1.2 Barnehageutvikling og samarbeid med kommunane**

Det har i 2003 vore relativt låg aktivitet overfor kommunane frå fylkesmannen si side på grunn av låg bemanning på barnehagefeltet i utdanningsavdelinga. I løpet av hausten er bemanninga styrkt, og samarbeidet med kommunane er tettare. Dei regionale nettverksgruppene for barnehagefaglege ansvarlege i kommunane er tekne opp att.

Kompetansemidla på kap. 845.21, til saman kr. 405 000, vart tildelte til ulike prosjekt og tiltak i 13 kommunar i løpet av hausten. Vidare er det tildelt midlar til studietur til MiB- representantar (Menn i Barnehagen) og til deltakarar på saksbehandlarsamlingar og konferansar i samband med kvalitetssatsinga. Samla tildeling for Rogaland var på kr 462 000.

Hausten 2003 vart det gjennomført ei samling for saksbehandlarar på barnehagefeltet i kommunane. Hovudtemaet for samlinga var barnehagereforma og føringane i framlegget til statsbudsjett for 2004. Ein rådgivar frå BFD deltok i samlinga.

Barnehagekonferansen som var planlagt gjennomført i mai 2003, vart avlyst på grunn av for få påmelde. Sjølv om aktiviteten frå fylkesmannen si side har vore låg i 2003, er inntrykket at det går føre seg mykje godt utviklingsarbeid innan barnehagefeltet i kommunane. Dette er arbeid som delvis er ei vidareføring av tiltak starta opp i 2002, men også nye tiltak og prosjekt er starta opp i 2003. Mange av tiltaka vil også bli vidareførte i 2004.



### **1.3 Forvaltningsoppgåver i barnehagesektoren**

Samla statstilskot for 2003 for barnehagane i 25 kommunar i Rogaland er på kr 428 910 000. Beløpet inkluderer 10 %-tilskotet til barn med funksjonshemmingar i barnehage, tilskot til tospråkleg assistanse og tilskot til barnehagetilbod for barn av nyleg tilflytta flyktingar.

Statstilskot til Randaberg og Stavanger kommune er ikkje rekna med, då desse to kommunane har delteke i forsøket med rammefinansiering.

Det er i 2003 utbetalt 34 mill. kr i investeringstilskot til etablering av nye barnehageplassar.

I barnehageprogrammet er det registrert 893 nye barnehageplassar i Rogaland i 2003. Nye plassar i Randaberg og Stavanger kommune er ikkje registrerte i barnehageprogrammet. Rapporten "Nye plassar" i barnehageprogrammet viser talet på nye barnehageplassar som følgje av melding om opning av barnehage (631 plassar) eller endring i talet på barn (262 plassar). Rapporten er korrigert for nedlagde plassar i 2003.

### **RESULTATOMRÅDE 42: FAMILIERETT**

I 2003 blei det gitt 1265 separasjonsløyve (1296 i 2002) og 899 skilsmål (798 i 2002).

Det blei vidare gitt 5 separasjonsløyve på bakgrunn av opphøyr av partnerskap og 3 skilsmål.

Talet på saker etter barnelova har auka i 2003. Fylkesmannen fekk inn 135 saker i 2003 (100 i 2002) og sluttbehandla 27 saker (17 i 2002). I tillegg blir det gitt omfattande informasjon og rettleiing innafor barnelova.

I 2003 vart det behandla 52 saker knytte til ettersøking av biologiske foreldre.

#### **Mekling etter ekteskaps- og barnelova**

I 2003 mottok familievernkontora og dei eksterne meklarane 1 263 meklingsbegjæringer. Av desse mottok dei eksterne meklarane 572 av sakene.

I Rogaland er der 3 familievernkontor. I tillegg har ein 10 eksterne meklarar. Ventetida er i ca. 75 % av sakene på under 3 veker, før første meklingstime.

Fylkesmannen hadde i november ein konferanse for familievernkontora og dei eksterne meklarane. På seminaret blei det m.a. gitt informasjon om endringane i bidragsreglane og rettleiing om saksbehandlingsreglar etter barnelova. Fylkesmannen inviterte også ein ekstern førelesar som tok for seg temaet separat mekling.

Det blei i tillegg brukt ein god del ressursar til informasjon og rettleiing av familievernkontora og dei eksterne meklarane.

### **RESULTATOMRÅDE 43: KRISETILTAK**

I Rogaland er det 3 krisesenter, i Sauda, Stavanger og Haugesund. Alle sentra er samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar. Vidare har ein støttesenter mot incest. Samla har ein ført økonomisk kontroll med midlar i storleik 1,5 million kroner.

### **RESULTATOMRÅDE 44: FAMILIEVERN**

Frå 1998 har fylkesmannen hatt lovpålagd tilsyn med familievernkontora (Lov om familievernkontor av 19. juni 1997 § 3). Utover sjølve tilsynet er fylkesmannen klageinstans i meklingssaker. Fylkesmannen har i 2003 vore på eit tilsynsbesøk på kvart av dei tre familievernkontora. Fylkesmannen har framleis det inntrykk av at kontora er veldrivne.

### **RESULTATOMRÅDE 45: BARNEVERN**

#### **Tilsyn med barnevernet.**

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunane, fylkeskommunen og barneverninstitusjonane i fylket.

Ein del av tilsynsansvaret er at fylkesmannen skal gi råd og rettleiing og sjå til at kommunane og fylkeskommunen gjer dei oppgåvene dei er pålagde etter lova. Fylkesmannen skal følgje med på om kommunane og fylkeskommunen gjer arbeidet innan dei fristane som er fastsette i lova. Fylkesmannen kan gje mulkt dersom fristane ikkje blir haldne.

Me har dagleg telefonkontakt med barneverntenester i kommunar. Fylkesmannen deltek så langt som mogleg i møter med kommunar og institusjonar for gjennomgang av ulike problemstillingar.

Fylkesmannen har gjennomført fleire kurs og seminar i 2003:

- Opplæring av tilsynsførarar. Fosterforeldreforeninga i Rogaland, og Rogaland barnevernsamband gjennomfører kurset kvart år i samarbeid med fylkesmannen.
- Saksbehandling og saksførebuing til fylkesnemnda.
- Gjennomgang av ny Forskrift om rettigheter og bruk av tvang under opphald i barneverninstitusjon.
- Informasjonsmøte om statleg overtaking av fylkeskommunale oppgåver på barnevernet sitt område.

Fylkesmannen får fristrapportering frå kommunane fire gonger årleg i alle nye saker. Fylkesmannen går gjennom desse, og har på bakgrunn av resultatata følgd opp enkelte kommunar. I 2003 har det ikkje vore store fristoverskridingar. Fylkesmannen har spesielt følgd opp to bydelar og ein kommune.

Fylkesmannen har hatt faste kontaktmøte med fylkeskommunen, for å utveksle informasjon mellom dei ulike etatane. Fylkesmannen har i møta også tatt opp saker som gjaldt institusjonstilbod for enkelte barn, og har mellom anna peika på at fleire institusjonsplasseringar har vore ulovlege fordi institusjonane ikkje har vore på fylkeskommunen sin plan.

I 2003 hadde fylkesmannen tilsyn med 23 barneverninstitusjonar i Rogaland fylke. Fleire av desse har underavdelingar. Barneverninstitusjonane i fylket har i alt ca 180 bebuarar. Det blei gjennomført 196 tilsynsbesøk til 40 einingar/objekt, med frå 1-11 bebuarar.

Fylkesmannen si røynsle er at barna som bur i barneverninstitusjonane får god omsorg og behandling, og at samarbeidet med institusjonane fungerer godt. Ved tilsynsbesøka blir ulike problemstillingar drøfta, både barnevernfaglege og juridiske. Tilsynet har vore særleg oppteke av problemstillingar knytte til bruk av tvang og makt som ledd i behandling og/eller oppseding, og at dette i tilfelle skjer utan at barnet sin integritet blir krenka. Det gjeld også bruk av skjermings- og utløftingstiltak for barna.

I 2003 gjorde fylkesmannen vedtak om nedlegging av drifta for ein barneverninstitusjon i fylket, mellom anna på grunn av ulovleg bruk av skjermings- og utløftingstiltak og manglande fagleg bakgrunn. Vedtaket blei påklaga, og seinare omgjort av Barne- og familiedepartementet.

#### **Klager etter lov om barneverntenester**

Fylkesmannen behandlar klager på vedtak som er fatta av den kommunale barneverntenesta. Fylkesmannen kan stadfeste vedtaket, oppheve det eller gjere det om. Fylkesmannen behandlar også brev og klager som gjeld barneverntenesta sitt arbeid, og han kan sjølv avgjere kor langt ein skal gå i desse sakene. Han kan og behandle tvistar mellom kommunar eller mellom kommunar og fylkeskommunen. Fylkesmannen har behandla ca 50 enkeltsaker i 2003.

Størsteparten av klagene gjeld saksbehandlinga i barneverntenesta, særleg brot på fristane i barnevernlova og manglande informasjon.. Der er også klager på vedtak om hjelpetiltak, på behandling av barn i barneverninstitusjonar, på fylkeskommunen om mangel på plassar i institusjon, og tvistar mellom ein kommune og fylkeskommunen om ansvarsforhold i ei barnevernsak. Tre saker gjeld inhabilitet, der barneverntenesta i kommunen ber om at saka blir overført til ein annan kommune.

#### **RESULTATOMRÅDE 47: GJELDSRÅDGJEVING**

Våren 2003 var det arrangert kurs for økonomiske rådgjevarar. Fylkesmannen har vore eit bindeledd og koordinator mellom departementet, fylkesmannen i Hordaland og dei økonomiske rådgjevarane. Fylkesmannen har gjennom heile året hatt jamleg kontakt med einskilde økonomiske rådgjevarar samt med Fylkesmannen i Hordaland.

## RESULTATOMRÅDE 48: OPNINGSTIDSLOVA

Det kom inn totalt 6 saker. 2 av disse galdt lov om helgedag og helgedagsfred.

## Justisdepartementets sine resultatområde

### RESULTATOMRÅDE 51: TILSYNSOPPGÅVER

#### 51.1 Stiftingar

Det har kome inn 389 saker i 2003 (483 saker i 2001, 446 i 2002). Det er fleire registreringar, men færre saker. Dette er ein naturleg følge av at vi har prioritert å få fagområdet meir i samsvar med regelverket. Sakene fordeler seg slik :

- Registrering 27
- Endring/omdanning 113
- Rekneskap 162
- Andre saker 87

Vi har også i 2003 føreteke forenkla kontroll av nokre av dei innsende rekneskapa for stiftingar i 2003. Trass færre saker var det ved utgangen av 2003, var det lang saksbehandlingstid når det galdt endring/omdanning.

#### 51.2 Overformynderi/verjemål

Fylkesmannen mottok i alt 56 saker som galdt overformynderi/ verjemål i 2003.

I 2003 har vi behandla 4 saker som gjeld klage på oppnemning av hjelpeverje (i 2002 var det 4 saker), 29 saker som galdt overformynderia sine rekneskap og årsrapportar og 9 saker/klager som galdt disponering av umyndige sine midlar. I tillegg blei det behandla 6 saker som galdt andre tilhøve. Det er også kome inn saker til orientering og som derfor er avslutta utan behandling.

Fylkesmannen har og som overordna forvaltningsorgan eit lovpålagd tilsynsansvar overfor overformynderia. Grunna ressursstoda har ein heller ikkje i 2003 i særleg grad kunna gjennomføra dette rettleings- og tilsynsansvaret.

#### 51.3 Forlikråda

Det har kome inn 18 saker. Av desse galdt 10 saker oppnemning av forlikråd og oppnemning av vikar, 3 saker galdt kurs, 3 saker galdt godkjenning av møteplan og 2 saker galdt klage på forlikråd.

#### 52.1 Fri rettshjelp

Det er i tildelingsbrevet særleg peika på at fylkesmennene skal sikre effektiv og grundig saksbehandling innan rimeleg tid.

Det kom inn 3 428 saker om fritt rettsråd.

Det vart behandla 2783 saker.

Det kom inn 296 saker om fri sakførsel

Det vart behandla 287 saker.

Saksbehandlingstida har vore mellom 2-3 månader.

#### 52.2 Valdsoffererstatning

I 2003 mottok fylkesmannen 140 nye søknader om valdsoffererstatning.

Ved årsskiftet var restansen 190 saker

#### 52.3 Namnelova

Frå 1. januar fikk vi ny namnelov. Etter den nye lova er fylkesmannen klageinstans for namnesakene. Totalt blei det registrert 68 saker. Ca 60 av desse kom inn i 2002, men pga. nytt journalsystem blei desse registrert i

2003 og blei behandla etter den gamle namnelova. Ca 8 saker var klagesaker etter den nye namnelova. I 2002 var det registrert 420 søknader.

#### **52.4 Tomtefestelova**

Det er kome inn 3 saker om innløyning av festetomt. Det blei behandla 2 saker. Begge søknadene blei innvilga. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid 4 månader.

#### **52.8 Statsborgarsaker**

I 2003 fikk fylkesmannen mynde til å behandle søknader for barn fødd utafor ekteskap kor mor var utanlandsk statsborgar og far var norsk. Dette medførte ein auke i talet på saker frå 42 i 2002 til 69 saker i 2003.

### **RESULTATOMRÅDE 53: KONFLIKTRÅD**

I 2003 har fylkesmannen:

- fordelt midlar til konfliktrådsverksemd slik at ressursar vart utnytta mest mogleg rasjonelt og ført tilsyn med forbruket.
- innhenta og godkjent driftsplanar frå konfliktråda med konkret oversikt over mål, tiltak og forventa ressursbruk.
- sett til at ordninga fungerer i samsvar med lova sine intensjonar, føresegner og rundskriv, samt i forhold til sentrale mål om konfliktrådsordninga.
- fungert som bindeledd mellom Justisdepartementet og konfliktråda

### **RESULTATOMRÅDE 55: AUKA SAMFUNNSTRYGGELEIK I FYLKET**

Fylkesmannen har rettleia kommunane når det gjeld spørsmål om risiko- og sårbaranalysar. Vi har hatt et nettverksmøte i med kommunane i kvar av våre 3 regionar der førebuing til Øvelse Rogaland og der atomberedskap stod på programmet.

Fylkesmannen har deltatt aktivt for å setje beredskap og samfunnstryggleik på dagsorden i samband med revidering av kommuneplanar og ved gjennomgang av kommunedelplanar, reguleringsplanar og konsekvensanalysar. Det er mellom anna behandla 12 kommuneplanar. Det ble reist motsegn i 10 kommuneplanar og ein reguleringsplan på grunnlag av manglande risikovurderingar i 2003.

Fylkesmannen hadde ansvar for planlegginga og undervisninga på beredskapsdagen i Karmøy kommune 5. november. Beredskapsdagen var eit nytt tiltak retta mot ungdom og førebyggande samfunnstryggleik.

Ei statleg regional samordningsgruppe vart etablert i fylket under leiing av fylkesmannen hausten 2002. Denne gruppa skal arbeide for å betre samfunnstryggleiken i Rogaland. Ut frå denne gruppa ble det sett ned ei øvingsgruppe som planla og gjennomførte Øvelse Rogaland 2003.

Det vart gjennomført 7 tilsyn i kommunane i 2003. Mellom anna ble plan for kriseleiing, bruk av risiko og sårbarvurderingar og integrering av samfunnstryggleik i kommunen sine plan og styringsdokument gjennomgått i tilsyna. Fylkesmannen har i tilsyna og hatt eit spesielt fokus på ROS-analysar knytt til den nye lova om helsemessig og sosial beredskap.

Fylkesmannen har gjennomført Øvelse Rogaland i 2003. Fylket ble delt inn i 4 geografiske områder der 3-4 kommunar øvde på same tid i same rom. Totalt øvde 14 kommunar. Dei andre 13 kommune var også aktive som kontrollkommune for kvar sin øvingskommune. Som ein førebuing til Øvelse Rogaland ble det for alle 27 kommunane i fylket gjennomført ein miniøving på nettverksmøta der fokuset var ansvar og rolleavklaring med omsyn til drikkevassforsyning.

Det er gjennomført eitt møte i fylkesberedskapsrådet.

Fylkesmannen har i lag med Rogaland politidistrikt, Forsvarets Fellesoperative Hovudkvarter, Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap og Høgskolen i Stavanger førebudd ein nasjonal konferanse i samfunnstryggleik og nye trusselbilde på Høgskolen i Stavanger 6. januar 2004.

Vi har ikkje hatt øving for fylkesmannen si kriseleiing, ei heller prioritert å jobba med rasjonering og bygg- og anleggsberedskap og beredskapsutvalet for lufthamane.

Ein viktig utfordring i framtida er å sjå nærare på kompleksiteten rundt tele- og datakommunikasjon. Denne er i stor grad avhengig av straum og fleire private aktørar sit med et ansvar som vanskeleg lar seg styre. IKT virus og ormar skapar stadig oftare problem for brukarane. Fylkesmannen i Rogaland er også uroa for dyrehelse og ev. spreiding av smittsame sjukdomar i dette fylket som har den tettaste konsentrasjonen av husdyr i landet.

## **RESULTATOMRÅDE 56: SIVILFORSVARET**

Fylkesmannen har deltatt i kontroll av materiellagringa til Sivilforsvaret saman med landsdelsberedskapsfylkesmannen. I samband med at Sivilforsvaret frå 01.01.04 har blitt ein sjølvstendig statsetat har fylkesmannen hatt ein god del ekstraoppgåver for å koordinere prosessen og avslutta den formelle tilknyttinga til fylkesmannen.

## **RESULTATOMRÅDE 57: FYLKESMANNEN SI IVARETAKING AV PLIKTER INNAN SIVIL/MILITÆRT SAMARBEID M.M.**

Fylkesmannen har deltatt på møte i Totalforsvarsnemnd Sør- og Vestlandet. Vi har og hatt fleire møte med HV-08.

# **Kommunal- og regionaldepartementets sine resultatområde**

## **RESULTATOMRÅDE 61: KOMMUNEØKONOMI OG SAMORDNING**

### **61.1 Økonomiforvaltning**

Berre kommunar som står i Register over kommunar underlagt betinga kontroll (ROBEK) må innhente godkjenning frå fylkesmannen før vedtak om budsjett, økonomiplan og låneopptak er gyldig. Kommunane 1101 Eigersund og 1159 Ølen blei registrert i ROBEK i 2003. Det blei også arbeidd med kommunebudsjetta til dei andre kommunane. Tal frå budsjetta blei presentert i møte med kommunane.

Kommunale garantivedtak skal også etter dei nye lovreglane sendast til fylkesmannen for godkjenning. Vi behandla i fjor 18 søknader om godkjenning av kommunale garantivedtak. Alle søknadene blei godkjende. I nokre tilfelle var vedtaka ufullstendige, og vi måtte innhente ytterlegare opplysningar før godkjenning.

I fleire år har fylkesmannen invitert kommunane til møte om statsbudsjettet den same dagen som det blei lagt fram. Det blei også gjort i oktober 2003. Kommunane blei i tillegg orienterte om kommuneopplegget for 2004 på møte om Kommuneproposisjonen i mai. Nesten alle kommunane kom til desse informasjonsmøta. Tilbakemeldingane etter samlingane var positive.

### **61.2 Samordning og rapportering**

Fylkesmannen har eit tverrsektorielt samordningsansvar i forholdet mellom regional statsforvaltning og kommunane. Som ledd i dette arbeidet har fylkesmannen også i 2003 utarbeidd forventningsbrev (oppgåvebrev) til kommunane i samarbeid med tidl. utdanningsdirektør og fylkeslegen.

Vurderinga av kva kommunar som skulle få tilskott etter skjønn blei også utført i samarbeid med desse.

På grunnlag at rekneskapstala, som kom i februar, blei det laga ny utgåve av "Kommunaløkonomisk statistikk". Heftet blir laga etter same malen av alle fylkesmennene, og blei publisert på heimesida til fylkesmannen i september. Oversikt over forventa skatt og rammetilskott blei også publisert på denne sida. Statistikken blei mellom anna nytta i arbeidet med tilskott etter skjønn. Det er då svært viktig å ha sakleg og objektivt grunnlag for prioriteringane. Også i møte med kommunane er det til stor hjelp å ha tilgjengeleg talmateriale som gjer det mogleg å samanlikne ulike indikatorar for den økonomiske tilstanden med andre kommunar i fylket, eller gjennomsnittet for landet. Det er vårt inntrykk at kommunane nyttar heftet som dokumentasjon av den økonomiske stoda.

I tillegg til dette heftet sende fylkesmannen med jamne mellomrom ut oversikt over skatt og rammetilskott til kommunane i fylket.

I mars, like etter første rapportering heldt vi møte med kommunane om bruk av KOSTRA-data. SSB deltok også og gjorde greie for vanlege feil kommunane gjer og kva kommunane måtte vere merksam på for at rapporteringa skulle bli betre ved neste publisering.

I tillegg til desse kursa/møta, har KOSTRA-arbeidet omfatta rettleiing av kommunane pr. telefon og e-post.

### **61.3 Kommuneinndeling**

Ølen kommune og Vindafjord kommune sette i 2002 i gong arbeid med tanke på samanslutning av dei to kommunane. Folkeavrøysting i dei to kommunane i februar 2003 gav fleirtal for samanslutning i begge kommunane. Kommunane har gjort endeleg vedtak om samanslutning i mars 2003. Etter felles møte leia av fylkesmannen blei søknad sendt til KRD via fylkesmannen.

Fylkesmannen hadde ei sak om Hordaland og Rogaland sin grenser i sjø til behandling, som ble vedtatt av KRD 15.08.03.

## **RESULTATOMRÅDE 62: LOVLEGKONTROLL**

### **Fylkes- og kommunevalet 2003**

Fylkes- og kommunestyrevalet i september 2003 var prega av nytt regelverk. Hausten 2002 og byrjinga av 2003 brukte vi tid til eiga opplæring, med kursing av m.a. KRD. Vi var bedne av KRD om å ha ein kursdag i Rogaland for kommunane, noko vi hadde saman med fylkeskommunen 29. april.

På valdagen hadde vi vakt til stemmelokala stengte, kommunane var orienterte om dette i brev. Fylkesmannen var aktiv i media for å informere om vallova.

KRD behandla klager etter § 13-2 i vallova og lovlegklagar etter kommunelova ved valet. I ettertid har særleg spørsmål om konstituering i forhold til kjønn vore aktuelle, (sjå om dette under punktet "lovlegkontroll") under , men også utbetaling av partistønad til kommunane (47 saker).

### **Lovlegkontroll**

Fylkesmannen skal sikre at kommunane si saksbehandling og vedtak tek omsyn til den enkelte sine krav på informasjon, rettstryggleik og likebehandling og elles er i tråd med god forvaltningsskikk.

3 saker om lovlegkontroll er komne inn i 2003. Alle blei ferdigbehandla. 2 vedtak blei stadfesta og 1 blei oppheva.

Vi har også teke 4 saker opp til behandling av eige tiltak. To etter oppfordring frå kommunar og to på bakgrunn av oppslag i avis. Sakene galdt manglande kjønnsrepresentasjon i kommunale utval. Alle kommunane blei oppmoda til, og gjennomførte, nyval.

Det er også motteke brev om ein rekkje forhold som berre er kommentert, m.a. eit spørsmål om lukking av kommunale møte og val av kommunetilsette til styre i interkommunalt revisjonsselskap.

## **RESULTATOMRÅDE 63: REGELVERKSFORVALTNING/KLAGEBEHANDLING**

Målsettinga i verksemdsplanen var ei saksbehandlingstid på 3 – 6 månader. Det viste seg snart at dette ikkje var oppnåeleg. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for heile året var i overkant av 7 månader. Det blei innført ein 6 vekers frist for saker som er gitt oppsetjande verknad frå 1. juli, noko som dreg gjennomsnittstida ned. Det er ikkje uvanleg at saker tek opp mot 10 månader. Restansane blei meir enn fordobla i løpet av året. Dette skuldast m.a. ressurssituasjonen og auke i innkomne saker.

Målsettinga var å besøke 6 kommunar for å betre kvaliteten på innkomne saker, men pga. negativ utvikling av restansane blei berre tre besøk gjennomførte. Fylkesmannen arrangerte kurs for kommunane i juni om nye reglar i pbl og forskriftene. Vi deltok også med innlegg på kurs i Kommunalteknisk forening om same tema.

Statistikk for ulike saksfelt innanfor dette området:

#### *Klage i byggesaker:*

Innkomne saker i 2003: 445, (i 2002: 391). Av desse var 29 setjefylkesmannssaker etter klager frå Fylkesmannen i Vest-Agder og Hordaland. Klagene gjeld kommunale dispensasjonsvedtak.

Talet på klageavgjerder	259 (i 2002: 384). 25 av desse var setjefylkesmannssaker
Stadfesta:	185
Oppheva:	24
Omgjort:	39
Avvist:	3
Sende attende	6
Restanse:	276 (i 2002: 111)

#### *Ekspropriasjonar etter plan- og bygningslova og ekspropriasjon førehandstiltreding etter oreigningslova:*

Innkomne saker: 2  
 Underinstans vedtak stadfesta: 1  
 Løyve er gitt av fylkesmannen som førsteinstans: 1

Gjennomsnittlig saksbehandlingstid 3 månader

#### *Veglova*

Det blei behandla 1 klage på avkøyrsløse etter veglova som blei stadfesta.

#### *Delingslova*

Det blei behandla 4 saker etter delingslova. 3 blei stadfesta og 1 avvist. Tre av sakene gjaldt adresseendring.

#### **71.6 Rettleiing etter alkohollova**

Det kom inn 23 saker etter alkohollova i 2003. (26 i 2002). Av desse var 1 klagesak (8 i 2002), som blei oppheva. Resten av sakene var om dei 7 statlege skjenkebevillingane; kontrollrapportar, skjenkeavgift, styrarar og vikar, rapportering SHD og kunnskapsprøva.

Vidare var det rettleiing av kommunar, bevillingshavarar og andre.

## **Oppgåver under helsedepartementet og sosialdepartementet – Oppdrag frå statens helsetilsyn og sosial- og helsedirektoratet**

### **RESULTATOMRÅDE 71: RETTLEIING, KOMPETANSEHEVING OG INFORMASJONSVERKSEMD**

#### **Rådgeving og kompetanseoppbygging**

Helse- og sosialavdelinga hos Fylkesmannen skal utføre oppdrag frå både Statens helsetilsyn og Sosial- og helsedirektoratet. Det overordna målet er å forbetre kvaliteten på sosial- og helsetenestene. Saman med tilsynsverksemda, er rådgeving og kompetanseoppbygging dei viktigaste virkemidla avdelinga rår over, og dette viser seg på ulike vis i verksemda. Grovt sett kan me skilje mellom formidling av profesjonell kunnskap innan barnevern, sosial- og helsefag og formidling av kunnskap og ferdigheter i praktisk forbetningsarbeid.

I oppdraga frå Statens helsetilsyn og Sosial- og helsedirektoratet står arbeid med sikring og utvikling av kvaliteten i tenestene sentralt. Dette kvalitetsutviklingsarbeidet inngår i fleire av dei nasjonale satsingsområda som Fylkesmannen/Helsetilsynet i Rogaland har tatt del i, og blir omtala kvar for seg nedanfor i dette kapitlet.

#### **Kompetanseutvikling og formidlingstiltak i sosialtenesta og det kommunale rusmiddelarbeidet**

Fylkesmannen har som oppgåve å føre vidare kompetanse- og kvalitetshevande tiltak som går ut frå *Handlingsplanen for sosialteneste si førstelinje*. I tillegg skal han informere sosialtenesta om arbeidet med statlege satsingar som særleg får konsekvensar for tenesta. Som del av dette arbeidet hadde fylkesmannen ei todagarssamling for deltakarar i dei interkommunale faglege foruma. 54 tilsette frå 24 bydelar/kommunar deltok, og dei representerte 10 av dei 13 eksisterande foruma. Første dagen var Sosial- og helsedirektoratet til stades, orienterte om den nye nasjonale strategien for kvalitetsforbetring og fekk innspel frå deltakarane til det vidare arbeidet med den. Andre dagen blei brukt til å dele erfaringar og leggje planar for det vidare arbeidet i foruma.

Leiarar med ansvar for sosialtenesta i kommunane blei inviterte til ei todagarssamling med tema: SATS og bustadsosialt arbeid. Innleiarar var Sosial- og helsedirektoratet, representantar for kommunane, leiinga i Aetat og trygdeetaten, Husbanken og Namsmannen i Stavanger.

Rettleiing er eit av tiltaka for å heve kvaliteten i sosialtenesta, og går ut frå handlingsplanen for sosialtenesta. Fylkesmannen har utarbeidd ei oversikt over alle rettleiarar i fylket som har godkjend rettleiarutdanning gjennom Fellesorganisasjonen for barnevernpedagogar, sosionomar og vernepleiarar. Denne oversikta er send ut til alle kommunane.

Når det gjeld opplæringstiltak på rusområdet, har oppdraget frå Sosial- og helsedirektoratet vore å leggje til rette for opplæring i forhold til arbeidet med tunge rusmiddelmissbrukarar i kommunane, medrekna LAR (legemiddelassistert rehabilitering). På dette området har fylkesmannen i samarbeid med Høgskolen i Stavanger laga ei vidareutdanning for tilsette i kommunane på 15 studiepoeng, om rus og psykiske lidingar. 56 kommunetilsette frå heile fylket deltok på denne vidareutdanninga.

### **Kvalitetsarbeid i dei kommunale helse- og sosialtenestene**

Fylkesmannen si kvalitetsrådgeving i 2003 handla mykje om å hjelpe enkeltverksemder i arbeidet med å etablere tenlege internkontrollsystem for tenestene. I første rekkje har dette vore som oppfølging av tilsyna våre, men også på bakgrunn av førespurnad frå verksemder og kommunar. Erfaringa vår er at dette arbeidet er kome ulike langt rundt om i fylket. Vi har særleg prøvd å kome i møte dei som har kome kortast i å kvalitetssikre tenestene sine, og me ser auka interesse og forståing for dette arbeidet etter som åra går. Det manglar likevel noko før me kan fastslå at kvalitetsarbeidet er i godt nok gjenge innan dei kommunale helse- og sosialtenestene i Rogaland sett under eitt.

Internkontrollplikta blei innført i deler av sosialtenesta frå 1. januar 2003, då forskrift om internkontroll i sosial- og helsetenesta blei sett i kraft. Fylkesmannen sende skriftleg informasjon om denne forskrifta til dei dette kravet gjeld, og bad om tilbakemelding på kva bistand dei hadde bruk for frå oss. Responsen førte til at fylkesmannen starta opp regionale dagssamlingar for kommunane. Dessverre hadde me ikkje ressursar til å gjennomføre meir enn ei av 5 slike samlingar, men responsen var god og dette arbeidet vil bli ført vidare i 2004. Målet med desse samlingane er å konkretisere kva kravet til internkontroll inneber, med særleg fokus på myndigheitskrava til saksbehandling ved tildeling og avslag på søknad om pleie- og omsorgstenester.

### **Rekrutteringsplan for helse- og sosialpersonell 2003 - 2006**

Denne planen er ei oppfølging av handlingsplanen *Rett person på rett plass 1998-2001*. Hovudmålet i planen er å styrkje rekrutteringa og kompetanseutviklinga i helse- og sosialtenesta, med særleg vekt på pleie- og omsorgstenesta i kommunane. Fylkesmannen har fått overført i overkant av 4.5 mill kr til stimulering av kommunane sitt arbeid med dette. Det er sett ned ei referansegruppe for rekrutteringsplanarbeidet, med representantar frå fylkesmannen, fylkeskommunen si opplæringsavdeling, KS, Fagforbundet, NSF, FO og KFO.

I mai 2003 hadde fylkesmannen eit informasjonsmøte om Rekrutteringsplanen med kommunane, der Sosial- og helsedirektoratet også var til stades.

Det er gjeve tilskott til 23 kommunar. Det er ein føresetnad for å få tilskott at kommunen har oppdatert opplæringsplan for helse- og sosialområdet. Storparten av desse tilskotta har gått til kvalifisering av ufaglærte og til vidareutdanning av faglærte og høgskuleutdanna personell.

Sosial- og helsedirektoratet har og gjeve føringar om at det skal ytast tilskott til desentralisert sjukepleiarutdanning og vidareutdanning i eldreomsorg og psykisk helsearbeid for hjelpepleiarar og omsorgsarbeidarar. Høgskolen i Stavanger har starta desentralisert sjukepleiarutdanning i Eigersund, med 25 deltakarar frå Dalane-regionen. Det er ikkje starta slik utdanning i Nord-fylket i år, men det er mogleg at det blir starta seinare i planperioden. I samarbeid med Rogaland kurs- og kompetansesenter er det starta fem klasser i vidareutdanning av hjelpepleiarar og omsorgsarbeidarar etter den nye fagskuleordninga, med i alt 74 elevar: 43 i psykisk helsearbeid og 31 i eldreomsorg. I tillegg har Rygjobø studiesenter eit nettbasert tilbod om dei same vidareutdanningane.

### **Oppfølging av Nasjonal kreftplan**

Folkehelsemeldinga har fleire konkrete tiltaksområde felles med satsingsområda i Kreftplanen (1999-2003). Likeins som i åra før, har oppfølginga av Kreftplanen vore konsentrert om å leggje til rette for auka fysisk aktivitet, eit kosthald med meir frukt og grønnsaker samt nedgang i tobakksbruken. Målet er ikkje berre å få færre



nye krefttilfelle, men også å få ein lågare førekomst av hjarte/karlidningar og diabetes 2, og ei betring av folkehelsa generelt. Barn og unge er viktige målgrupper, - som nær sagt alltid.

Fylkesmannen fekk 300 000 kroner til oppfølgingsarbeid med Kreftplanen. Om lag halvdelen av desse pengane gjekk som tilskot direkte til tiltak i kommunane, medan resterande midlar blei nytta til kurs og konferansar. I den samanheng var fylkesmannen arrangør/medarrangør på i alt 18 ulike kurs og konferansar i folkehelsesamanheng i løpet av 2003, forutan deltaking i ulike nettverksmøte.

### **Fysisk aktivitet**

Fleire undersøkingar stadfestar at auka fysisk aktivitet i kvardagen har stor positiv innverknad på folkehelsa. Me veit også at svært mange av oss er for lite i aktivitet. Det er eit mål at folkehelseomsyn kjem med i kommuneplanane og syner igjen i økonomi- og arealplanar. Slik tenking ligg til grunn for at Rogaland er med i Frisk i friluft/Fysak-prosjektet, der kommunane skal leggje til rette for auka fysisk aktivitet i befolkninga. I alt 12 Rognlandskommunar er no med i dette, 7 fleire enn då arbeidet starta opp i 2001. Me registrerer stor interesse for å fremje fysisk aktivitet i alle aldersgrupper. Frivillige organisasjonar som til dømes Rogaland idrettskrets, Stavanger turistforeining og Nasjonalforeiningen for folkehelse gjer eit viktig arbeid her. Satsinga i skolen aukar, og den vil halde fram og forsterkast i tida som kjem.

### **Kosthald**

Undersøkingar syner at me framleis et meir fett enn me treng, og likeins er det med sukker og salt. Det blir brukt meir frukt og grønnsaker, men ikkje så mykje som ønskjeleg ut frå helseomsyn. Saman med eit meir stillesitjande liv, syner dette seg mellom anna i aukande problem med overvekt - også hos barn. For å oppmuntre og leggje til rette for gode kostvanar i tidleg alder, er det frå sentralt hald skipa ei ordning med *Skolefrukt-abonnementet*. Våren 2003 nytta 81 av 243 skolar i Rogaland seg av denne ordninga, ein auke frå 66 hausten 2002. Eit anna tiltak er kursing av kantinepersonell i vidaregåande skole, og Fylkesmannen har også støtta Fylkestannlegen sitt arbeid for betre tannhelse der eit sunt kosthald er eit av tiltaka.

### **Røykeslutt**

Hovudstrategiar i arbeidet mot tobakk er å gje hjelp til røykeslutt og hindre røykestart særleg blant ungdom, samt styresmaktene sitt kampanjearbeid og restriktive tobakkspolitikk. I samarbeid med Sosial- og helsedirektoratet har fylkesmannen kursa i alt 30 kurshaldarar, spreidde i fylket. Det er etablert ei eiga nettverksgruppe for kurshaldarane, som fungerer som ei ressursgruppe for fylkesmannen

Opptrappingsplanen for psykisk helse (1999 –2006)

#### Psykisk helsearbeid i kommunane.

Heilt sidan 1995 har kommunane har fått tilført statlege øymerka midlar til oppbygging av det psykiske helsearbeidet, sidan 1999 i samsvar med Opptrappingsplanen for psykisk helse.

Fylkesmannen i Rogaland ser ei positiv utvikling av det kommunale psykiske helsearbeidet samla sett. Likevel er det nokre kommunar som har vanskar, og det er framleis langt att før tilbodet til menneske med psykiske lidningar i kommunane i Rogaland er kvalitativt og kvantitativt tilfredsstillande.

Det øymerka tilskotet har i hovudsak vore brukt til å finansiera stillingar. Det er ikkje meldt om større vanskar med å få kvalifisert personell til stillingane i Rogaland, bortsett frå eit par mindre kommunar. Utbygginga av omsorgsbustader til menneske med psykiske lidningar har auka siste året, så store delar av tilskotet har gått til stillingar for å gje bistand i bustadene.

#### Barn og unge.

Det er eit overordna mål at minst 20 % av tilskotet skal nyttast til tiltak for barn og unge som har psykiske vanskar eller som står i fare for å utvikle dette. Tala for 2003 er ikkje klare enno, men tabell 3.2 nedanfor viser utviklinga i Rogaland dei siste åra.

Vi ser at kommunane i Rogaland framleis har ein jobb å gjere for å styrke det psykiske helsearbeidet til barn og ungdom. Nokre kommunar arbeider målretta med å samordne tenestene sine, men det er likevel mykje som manglar på å gjennomføre bruken av individuelle planar til enkeltbrukarar (jf avsnitt 2.1. ovanfor). Samarbeidet med spesialisthelsetenesta er merkbart styrka i dei områda der det er etablert desentraliserte barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikkar.

#### Omsorgsbustader til menneske med psykiske lidningar

Opptrappingsplanen for psykisk helse (1999-2006) har eit forventna måltal på 291 slike bustader til kommunane i Rogaland. Av desse har kommunane ved utgangen av 2003 fått samla tilsegn om 215 bustader, så dei vil venteleg få dei siste 76 einingane til fordeling i 2004. Kommunane i fylket melde pr. 01.07.02 om eit samla behov på 465 nye omsorgsbustader til menneske med psykiske lidingar, så her er det ein differanse eller manko på 174 bustader. Det er likevel grunn til å tru at dei endelege behovstala frå kommunane blir noko mindre enn tidlegare meldt, men likevel langt større enn det kommunane kan venta å få.

### **Eldreomsorg**

Som kjent blei sjølve handlingsplanen for eldreomsorga avslutta i 2002. Fylkesmannen har likevel hatt oppfølgingsarbeid i 2003, knytt til slutføring av oppføring/fullføring av nye bustadseiningar. Samarbeidet mellom kommunane og fylkesmannen har vore særskilt godt, og vi har også hatt godt samarbeid med Husbanken. Nokre korrigeringar er og blitt gjort i 2003. Det er kommunar som ikkje har klart å gjennomføre planane slik ein tenkte opprinneleg, men har kome til andre løysingar som ein meiner har blitt betre. Likeeins har ein i 2003 fått nokre fleire einingar å fordele, slik at sluttaleet for Rogaland blei noko større enn det som opprinneleg blei gjeve.

I 2003 innleia vi også arbeid knytt til utviklingsprogram for betre kvalitet og enklare ordningar i helse og sosialtenesta, særleg med tanke på leiing, kvalitetsutvikling og saksbehandling i pleie – og omsorgssektoren.

## **1 Forvaltningssaker**

### **Kontrollkomisjonane**

Rogaland har 4 kontrollkomisjonar etter *Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern*. Fylkesmannen har det administrative ansvaret for at kommisjonane fungerer, og har også i 2003 hatt eit godt samarbeid med dei både administrativt og fagleg. Kostnadene med kommisjonane var i 2003 ca. 1,9 mill. kroner. Rettstryggleik kostar. Som tidlegare år har fylkesmannen også i 2003 hatt sitt årlege møte med kommisjonane og med dei aktuelle overlegane ved dei psykiatriske institusjonane.

### **Særfrådrag**

Fylkesmannen behandlar saker om særfrådrag ved likninga for særleg store sjukdomsutgifter. Dette er skattyatarar som på grunn av sjukdom eller anna varig svekking har hatt store sjukdomsutgifter. Dette frådraget er noko anna enn det ein automatisk får når ein mottar pensjonsytningar frå folketrygda (som uførepensjon, grunnstønad eller hjelpestønad).

### **Tilskotsordningar**

Dette er statsbudsjettet sitt kap. 621 - post 74 velferds- og trivselstiltak for funksjonshemma. I 2003 fekk fylkesmannen inn søknader frå 117 organisasjonar/lag for funksjonshemma, om tilskot på 5 millionar kroner til 345 ulike tiltak. Fylkesmannen hadde kr. 1.756.000 å fordele. Fylkesmannen støttar tiltak som er med til å holde aktivitetane i gang og som kan gjennomførast, og prøvar å gi alle søkjarar noko støtte. Tilbakemeldingane til kontoret er at organisasjonane og laga set pris på tilskota.

### **Forskriving av sentralstimulerande legemiddel (SSM)**

Fylkesmannen er delegert oppgåva med godkjenning av legar til å rekvirere sentralstimulerande legemiddel til behandling av pasientar. I 2003 fekk 22 spesialistar i fylket denne godkjenninga, dette var både barnepsykiatrar, barnelegar og nevrolegar. Legane får denne godkjenninga for eitt år om gangen.

I 2003 godkjende fylkesmannen 207 nye slike saker. Desse kom i tillegg til fornying av gamle saker, så totalt er det 330 pasientar i fylket som får behandling med sentralstimulerande legemiddel. 26 av desse er over 18 år. Dei fleste er gutar under 18 år, det er bare 15 jenter som har fått diagnosen ADHD og får behandling med SSM.

### **Førarkortsaker**

Fylkesmannen behandlar søknader om dispensasjon frå helsekrava i førarkortforskriftene, og gir melding til politiet dersom førarkort bør inndragast heilt eller delvis på grunn av helsesvikt eller misbruk av medikament og rusmiddel. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid hos oss er 2 veker.

År	2000	2001	2002	2003
Alle førarkortsaker	793	1272	1294	1101
Inndregne førarkort	150	257	243	278

## Tvangsmedisinering i psykisk helsevern

Fylkesmannen har mottatte 41 klagesaker i 2003

År	2000	2001	2002	2003
Behandla klagesaker	59	52	49	41
Gitt medhald	11	3	3	2

Gjennomsnittleg behandlingstid er 1 dag (løpande). Unntaksvis vert vedtak fatta utan at Fylkesmannen har hatt personleg kontakt med klager.

## RESULTATOMRÅDE 72: TILSYN OG KLAGEHANDSAMING

### Tilsyns- og klagesaker

#### Tilsynsarenaer.

Fylkesmannen si helse- og sosialavdeling fører tilsyn med sosialtenester og barneverntenester i kommunar og fylkeskommune, og med alle barnevern- og rusverninstusjonar – med eller utan driftsavtale med fylkeskommunen.

Helsetilsynet i Rogaland fører tilsyn med alle helsetenester og alt helsepersonell. Desse kan vere organisert av kommune, fylkeskommune, helseføretak, operatørselskap (for offshoreverksemdar), eller av private med eller utan driftsavtale med det offentlege.

#### Tilsyn med kommunehelsetenesta

I 2003 gjennomførte Helsetilsynet i Rogaland/Fylkesmannen i Rogaland systemrevisjonar i 6 kommunar: Bjerkreim, Eigersund, Suldal, Time, Vindafjord og Ølen. Meir om desse kan du lese i tilsynsrapportane, som ligg på internettadr: <http://www.helsetilsynet.no/tilsyn.htm>

Generelt syner systemrevisjonane også dette året at det er store forskjellar kommunane imellom, når det gjeld kor langt dei er komne med å etablere eit funksjonelt internkontrollsystem for helse- og sosialtenesta. I nokre kommunar har leiinga god styring med tenestene gjennom internkontroll. I andre kommunar liter ein i praksis på at fagfolka i dei ulike deltenestene syter for at befolkninga får dei helse- og sosialtenestene dei har rett på.

Det er gledeleg at Helsetilsynet og Fylkesmannen sine systemrevisjonar jamt over ser ut til å stimulere kommunane til meir systematisk forbetningsarbeid i sosial- og helsetenesta. Me registrerer auka interesse og større aktivitet med å byggje opp tenlege internkontrollsystem, heilt frå kommunen får melding om at det vil bli gjennomført tilsyn. Omfanget av oppfølgingsarbeidet etter slike revisjonar varierer, men krev mykje både av kommunen og tilsynsmyndigheita.

#### Tilsyn med spesialisthelsetenesta

I 2003 har det vore landsomfattande tilsyn med to område i spesialisthelsetenesta, etter oppdrag frå Statens helsetilsyn:

- Helsetenester til vaksne med psykiske problem
- Ivaretaking av sentrale pasientrettar ved somatiske poliklinikkar.

Tilsyna blei planlagde og gjennomførte med tilsynslag som var sett saman frå dei tre helsetilsyna i regionen, dvs. Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. I alt blei det gjennomført tilsyn med 14 verksemdar i regionen, seks tilsyn med verksemdar innan psykisk helsevern og åtte tilsyn med somatiske poliklinikkar.

#### Tilsyn med helsetenester til vaksne med psykiske problem

Det blei gjennomført tilsyn med desse verksemdene i Rogaland:

- Helse Stavanger HF: Psykiatrisk klinikk, Sentralsjukehuset i Stavanger
- Jæren Distriktpsikiatriske senter NKS, som er ein privat institusjon med driftsavtale med Helse Vest RHF.

### **Tilsyn med korleis pasientar blir sikra rett til vurdering, nødvendig helsehjelp og sjukehusval ved somatiske poliklinikkar**

Det blei gjennomført tilsyn med desse verksemdene i Rogaland:

- Helse Stavanger HF Sentralsjukehuset i Rogaland, Ortopedisk klinikk.
- Helse Fonna HF Haugesund sjukehus, kirurgisk poliklinikk.

Ortopediske/kirurgiske poliklinikkar var valde fordi ventelistedata tydde på at desse hadde dei største kapasitetsproblema, og at utfordringane ved å sikre dei aktuelle pasientrettane derfor ville vere størst her.

Hovudkonklusjonane frå tilsyna er tilgjengelege på [www.helsetilsynet.no](http://www.helsetilsynet.no) og på fylkesmannen sin nettstad [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)

### **Tilsyn med sosialtenesta i kommunane**

Fylkesmannen gjennomførte i 2003 systemrevisjonar med sosialtenesta i to kommunar: Ølen og Time. I Ølen var heimhjelpetilbodet tema for tilsynet, og i Time var det melding om skadeavverjing i enkelttilfelle etter sosialtenesteloven kap. 6 a.

I tillegg har fylkesmannen gjennomført 44 stadlege tilsyn etter sosialtenesteloven kap 6.a. 36 av desse var tilsyn på bakgrunn av vedtak etter kap. 6.a, og 8 tilsyn var på bakgrunn av mottekne meldingar/kontakt med kommunar.

Tabell 2.1 viser ein svær nedgang i meldingar om skadeavverjande tiltak, i 2003 kom det flest slike meldingar frå Ølen (215), Karmøy (201), Stavanger (147) og Sandnes (142).

### **Tilsyn med rusinstitusjonar**

Fylkesmannen skal føre tilsyn med at lov og regelverk blir følgde, og at bebuarane får forsvarleg stell og omsorg. Vidare skal tilsynet sjå til at bebuarane blir behandla omsynsfullt og med respekt for den enkelte sin integritet. Tilsynet skal akte på alle tilhøve som har noko å seie for bebuarane si utvikling, trivsel, velferd og rettstryggleik, jf. § 3-2 i forskrift om tilsyn.

Fylkesmannen har i 2003 utført 11 av dei 36 lovpålagde tilsynsbesøka ved rusinstitusjonane i Rogaland. Målet blei ikkje nådd fordi embetet mangla kapasitet.

Tilsyn med offshorehelsetenesta.

Med bakgrunn i ulike tilsynsaktivitetar konstaterer me at helsetenestene hos operatørselskapa og reiarlag fungerer på ein god måte.

### **Tilsyn med offshoretienesta**

Med bakgrunn i tilsynsaktivitetar konstaterer vi at heletenestene hos operatørselskapa og reiarlag fungerer på ein god måte.

Det har vore gjennomført ein systemrevisjon mot BP Norge AS/ Smedvig Offshore AS/ Universal Services AS, saman med Oljedirektoratet. Tilsynsaktiviteten har hatt fokus på forhold som gjeld oppfølging av arbeidsmiljøet på boreinnretninga "West Epsilon".

Vi har gjennomført systemrevisjonar mot dei to operatørselskapa BP Norge AS og Norsk Hydro Produksjon AS, med fokus på systema deira for å ta vare på forhold som gjeld matvarehandtering. Som ledd i systemrevisjonane blei det gjort verifikasjonar hos enkelte vareleverandørar og på tre innretningar.

Vi har gjennomført systemrevisjon mot ConocoPhillips, om helsemessige forhold. I samband med dette blei det gjort verifikasjonar på to innretningar.

VI har hatt møte med Norsk Hydro Produksjon AS, ConocoPhillips og Statoil ASA, om styringssystema for drikkevassystema på selskapa sine innretningar. Det er også gjort verifikasjonar om drikkevassforsyninga på fleire innretningar. Mesteparten av dette tilsynsarbeidet har vore gjennomført av representantar frå Nasjonalt Folkehelseinstitutt.

I samråd med Sjøfartsdirektoratet har det vore gjennomført tilsyn på 19 flyttbare innretningar, som verifikasjonar.

Oppsummering.

Relevant personell har stor forståing for helsemessige og hygieniske prinsipp. Der ser ut til å vere utfordringar når det gjeld opplæring av det personellet som har ansvar for oppfølging av drikkevassystema på innretningane på kontinentalsokkelen.

Tilsyn med matvarehandteringa har ikkje avdekket forhold som er i strid med gjeldande forskriftskrav. Me fastslår likevel at det skjer positive tiltak i tida frå det blir varsla tilsyn til tilsynsaktiviteten blir avslutta.

Vi konstaterer at selskapa sine helsetenester fungerer innanfor dei rammene av gjeldande HMS-regelverk.

Vi har også i 2003 hatt eit vidt samarbeid med Oljedirektoratet, Sjøfartsdirektoratet og Nasjonalt folkehelseinstitutt.

Før eit operatørselskap kan gå i gang med oppgåver på kontinentalsokkelen, må det søkje om løyve. I 2003 har Helsetilsynet i Rogaland gitt fråsegn til Oljedirektoratet om helsemessige og hygieniske forhold i samband med 53 søknader.

Etter *forskrift om helsekrav for personar i petroleumsverksemda* var det 205 nye anke/klagesaker i 2003, og i alt 445 saker var behandla. 27 vart sende over til klagenemnda.

## **2 Tilsyn med utgangspunkt i enkelthendingar**

### **Klager etter pasientrettighetsloven**

Helsetilsynet i Rogaland har klagebehandla 10 saker etter *Lov om pasientrettigheter* i 2003. Sakene fordelte seg slik:

- 2 saker om krav om retting/sletting av journal jf. § 5-2
- 1 sak om rett til individuell plan jf. § 2-5
- 7 saker om rett til nødvendig helsehjelp jf. § 2-1

I 2003 har me fått 4 klager som gjeld kor forsvarleg tenester etter kommunehelsetenestelova er. I ingen av sakene blei det gitt merknader.

Helsetilsynet i Rogaland har behandla 6 rettighetsklager etter kommunehelsetenestelova, alle handla om krav om sjukeheimplass. Helsetilsynet i Rogaland gav klagar medhald i tre av sakene, og ein fekk ikkje medhald. Ei sak blei avslutta fordi klagar døydde, og ei er ikkje ferdigbehandla enno.

Likeins som etter pasientrettighetsloven mottok vi også etter kommunehelsetenestelova ei rekkje klager som vi sender til kommunane for vurdering og avgjerd, utan at vi treng å realitetsbehandla saka.

### **Klager etter lov om gjennomføring og etablering av psykisk helsevern**

Helsetilsynet i Rogaland har ikkje behandla klager etter denne loven, utover klage på behandling utan samtykke (jf lovas § 4-4) som blir omtala under punkt 4.6 nedanfor. Dette betyr ikkje at vi ikkje har fått klager på tenestetilbodet innan det psykiske helsevernet, men desse klagenes er behandla etter pasientrettighetslova.

### **Klager etter lov om spesialisthelseteneste**

Helsetilsynet i Rogaland har ikkje behandla klager etter denne loven i 2003.

### **Klager etter lov om sosiale tenester**

Fylkesmannen har behandla 511 klagesaker etter sosialtenesteloven.

- I 74 av desse fekk klagar medhald,
- 41 saker blei sendt tilbake til kommunane for ny behandling, og
- 7 saker er blitt avvist.
- I 389 av sakene har kommunen sitt vedtak blitt stadfesta av fylkesmannen.

350 av klagesakene er behandla etter kapittel 5 i sosialtenesteloven (økonomisk stønad), 124 av sakene etter kapittel 4 (tenester), mens 37 av sakene er behandla etter andre reglar.

I 2003 var det om lag 100 fleire klagesaker enn året før, og det var 72% fleire saker etter kapittel 4 i sosialtenesteloven. Fylkesmannen har behandla fleire saker i 2003 enn i 2002, men restansen har likevel auka. Saksbehandlingstida i kommunane er gått ned: i 2003 var snittet 8,6 veker mens det i tidlegare år har vore

ganske konstant på 11 veker. Ein grunn til dette kan vere at klientutvalet er lagt ned i fleire kommunar, og at klagesakene derfor blir sende beint frå sosialtenesta til fylkesmannen.

#### **Klager på helsepersonell.**

Talet på klagesaker har halde seg nokså stabilt frå 1998 til 2003. Det var nokre fleire klager i 2003 enn året før, men det er fordi også klager på tvangsmedisinering blir ført inn i klageregisteret RegRoT no. Me har også behandla fleire klager i 2003, slik at restansane har gått noko ned. I alt har me behandla 122 saker utanom klagene på tvangsmedisinering.

Saksbehandlingstida vår varierer ein del, men den har gått opp frå 2002. I 2003 brukte me i gjennomsnitt 163 dagar frå saka kjem inn til den er ferdig behandla hos oss, det er ca. 5 ½ månad. Mediantida var litt over 4 månader. Dette er fordi det tar tid å samle inn nødvendige dokument i saka, og fordi det kan vere vanskeleg å finne sakkunnig.

Størsteparten av klagene gjeld klage på legar i kommunehelsetenesta.

#### **Trygdemisbruk**

Helsetilsynet sentralt har gjennom samarbeid med Rikstrygdeverket sett auka fokus på tilsynsetaten si oppfølging av helsepersonell som misbrukar midlar frå folketrygda. Samarbeidet er tufta på ei avtale mellom Helsedirektøren og Trygdedirektøren av 13. juni 2001. Frå Helsetilsynet si side gjeld dette ei styrking av tilsynsarbeidet. Både legar, tannlegar, psykologar, fysioterapeutar og kiropraktorar har rett til å arbeide for trygda si rekning.

#### **Samarbeid med politiet**

Helsetilsynet i Rogaland har tradisjon for godt samarbeid med politiet i Stavanger. I løpet av 2003 har dette samarbeidet utvikla seg til å bli endå betre. Vi har hatt fleire alvorlege saker der begge instansane har hatt viktige roller, kvar på sin ståstad. Vi har funne fram til samarbeidsformer som høver godt for begge partar, med telefonsamtalar, ad hoc møte og meir formelle møte. Vi er rådgjevar for politiet i alle saker som gjeld helsevesenet og som blir meldt til politiet.

### **3 Andre tilsynsaktivitetar**

#### **Smittevern.**

Den internasjonale epidemiologiske situasjonen (bl.a. SARS) gjorde at Sosial - og helsedirektoratet bad dei regionale helseføretaka og kommunane om å gjennomgå beredskapsplanane sine for smittevern. Dette ble følgt opp av ei landsomfattande kartlegging av smittevernberedskap i kommunane. Kartlegginga i Rogaland viste at alle kommunar unnateke éin har smittevernberedskapsplan. Det blei også gjort tilsyn med smittevernberedskapen ved Sola lufthamn, her blei det ikkje påvist avvik.

#### **Klagebehandling i samsvar med helsekrav offshore**

Me har behandla 204 dispensasjonssøknader med heimel i helsekravforskrifta.

Klagenemnda for helsekrav for arbeidstakarar i petroleumsverksemda har hatt 5 møte og behandla 27 saker.

### **RESULTATOMRÅDE 73: TILSKOTSFORVALTNING**

Fylkesmannen har i 2003 behandla saker om trappingsplan for psykisk helse og Handlingsplan for helse og sosialpersonell.

## **Kultur- og kyrkjedepartementet sine resultatområde**

### **RESULTATOMRÅDE 81: TRUDOMS- OG LIVSSYNSAMFUNN**

Det kom inn 116 saker i 2003 (100 saker i 2002) og 83 i 2001). Fylkesmannen tildelte 3,3 mill. kroner i statsstøtte etter 51 søknader frå 54 trudomssamfunn, mot 48 året før. Vidare vedtak om kommunal stønad påklaga. Ingen av desse fekk medhald.

17 av sakene gjeld skifte av forstandar. Det er laga årsrapport og liste over vigslar på fylkesmannen sin nettstad, *fylkesmannen.no*

### **Gravferdslova – oskespreiing**

Det kom inn 22 saker i 2003 når det gjeld gravferdslova, oskespreiing.

## **Utdannings- og forskningsdepartementets sine resultatområde**

### **1 Innleiing**

Det er ikkje gitt noko vurdering av tilstanden på opplæringsfeltet i Rogaland i denne rapporten. Utdanningsavdelinga skriv kvart år ein eigen tilstandsrapport etter mal utarbeidd av Læringscenteret. Vi har frist til 15. mars med å levere årets rapport, og elektronisk datainnsamling frå kommunane og fylkeskommunen er nyleg gjennomført. Læringscenteret utarbeider så ein nasjonal tilstandsrapport som vil liggje føre om lag 1. mai. Samstundes gir utdanningsavdelinga ut ei trykt og tilpassa utgåve av rapporten for Rogaland. Denne rapporten blir også lagt ut på nettsidene våre.

### **2 Tilsyn, lovlegkontroll og klage**

#### **2.1 Tilsyn**

##### *Tilsyn med kommunal og fylkeskommunal sektor*

Utdanningsavdelinga er i slutfasen av ein runde med kontakt- og tilsynsbesøk i kommunane som starta i 2002, der hovudfokuset er sett på kommunane og skolane sitt arbeid med lokal skolevurdering og kvalitetsutvikling. Metodikken vi nyttar har meir preg av dialog og rettleiing enn av formelt tilsyn. På bakgrunn av førearbeid til kvart besøk gjennomfører vi samtalar med fire ulike grupper (rektorar, lærarar, foreldre og elevar). Deretter oppsummerer og drøftar vi inntrykket vårt med kommuneleiinga. Besøka har som vanleg blitt oppsummerte i ein rapport til kommunen. Det er gjennomført kontakt- og tilsynsbesøk til 12 av kommunane i 2003. Resten av besøka ( 6 ) i denne runden er planlagt gjennomført våren 2004. Det er dessutan i samarbeid med kommunane Klepp og Tysvær gjennomført samlingar for alle kommunane i Nord- og Sørfylket med tanke på oppfølging av erfaringane til no i denne besøksrunden.

Av kapasitetsomsyn er det ikkje gjennomført tilsyn med vidaregåande opplæring i 2003. Det er likevel gjort førearbeid til at tilsyn skal gjennomførast i siste halvdel av mars 2004 (besøk på to vidaregåande skolar med hovudfokus på tilpassa opplæring/spesialundervisning og kontakt- og tilsynsbesøk i Rogaland fylkeskommune).

Det er heller ikkje gjennomført tilsyn med opplæring i sosiale og medisinske institusjonar. Dette er prioritert i 2004.

Vi tar med at det vart naudsynt å gjennomføre tilsyn med ein privat barnehage på bakgrunn av fleire klagesaker og uavklarte tilhøve etter kommunalt tilsyn. Førearbeidet vart gjort seinhaustes 2003, medan sjølve besøket først vart gjennomført 07.01.04 fordi barnehagen bad om å få ny dato av omsyn til foreldreprerentanten.

Endeleg vil vi nemne at vi tar del i eit utviklingsarbeid innanfor fylkesmannsembetet om eit meir samordna tilsyn med kommunesektoren.

##### *Tilsyn med private skolar*

Utdanningsavdelinga har i 2003 gjennomført tilsynsbesøk ved 10 private skolar i Rogaland. Dette gjeld både grunn- og vidaregåande skolar. Det er ikkje avdekt noko uregelmessig av økonomisk karakter på skolane. Det er gitt nokre pålegg og ein del merknadar som gjeld andre forhold.

Det er gjennomført fleire befaringar i samband med godkjenning av lokale for private skolar.

Elles vart det i 2003 gjennomført eit særskilt tilsyn med Tryggheim vidaregåande skole. Saka galdt ei disiplinærsak på internatsida, og låg såleis i randsona av tilsynsmandatet vårt. Utdanningsavdelinga vart kontakta

av fleire aktørar i saka, og saka fekk etter kvart relativt stor merksemd. Utdanningsdirektøren valde difor å be om eit møte med leiinga ved skolen og styret. Utdanningsdirektøren gav på bakgrunn av møtet nokre råd gjennom ein skriftleg rapport. Utover dette har skolen handtert saka sjølv.

## 2.1 Ettersyn av årsrekneskapen for folkehøgskolane

Utdanningsavdelinga har gått gjennom rekneskapane for 2002 ved dei fire folkehøgskolane i fylket. Vi viser til tabellen nedanfor.

Skole	Driftsresultat	Årsresultat	Eigenkapital
Jæren	180 297	134 910	5 357 407
Karmøy	479 631	388 125	7 332 770
Lundheim	1 489 930	780 911	4 996 207
Solborg	463 036	106 723	8 757 226

Ut frå den informasjonen rekneskapane gir, har utdanningsavdelinga ingen grunn til å tru anna enn at dei offentlege tilskotta og elevbetalinga kjem elevane til gode. Skolane har beskjedne overskott målte mot omsetjinga. Det kan vere vanskeleg å skilje kva for utgifter og inntekter som kjem frå tilskottsberettiga drift og ikkje tilskottsberettiga drift for skolar som har drift utover skoledrifta. Skolane har ein trygg eigenkapital. Vi reknar elles med at lågare rentekostnader i 2003 vil kunne gi ytterlegare rom for styrking av eigenkapitalen.

## 2.2 Lovlegkontroll.

Utdanningsavdelinga har føreteke lovlegkontroll etter kommunelova § 59 pkt. 5 (etter eige tiltak) i ei sak i 2003. Det er svært få slike saker i Rogaland. I den aktuelle saka, som handla om §§ 2-5 og 8-1, oppheva vi kommunen sitt vedtak.

## 2.3 Klagebehandling.

### *Klager på enkeltvedtak om spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp*

Fylkesmannen har i 2003 mottatt 95 klagesaker som gjeld enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning. Klagen kjem frå 15 av kommunane og frå fylkeskommunen.

Heile 60 av klagen gjeld vedtak for barn som er under opplæringspliktig alder, 29 gjeld elevar i grunnskolen, 1 gjeld elev i vidaregåande opplæring og 5 gjeld opplæring for vaksne på grunnskolen sitt område.

Hovuddelen av klagen kom inn til utdanningsavdelinga i perioden mai – september, men vi har også fått tilsendt klager som gjeld 2003/2004 heilt fram til januar 2004.

I heile 32 av klagesakene vart dei kommunale vedtaka oppheva og sakene sende tilbake for ny behandling. Dette skuldast fleire tilhøve. Mellom anna var nokre av vedtaka baserte på sakkunnige vurderingar som anten var for gamle eller som ikkje var i samsvar med krava i § 5-3 i opplæringslova. I andre saker var det stort sprik mellom tilråding og vedtak utan at det låg føre grunngeving.

Klagarane har fått heilt eller delvis medhald i 19 saker medan det ikkje er gitt medhald i 39 saker.

Det er framleis nedgang i talet på klagesaker når det gjeld spesialundervisning i grunnskolen. Det er inntrykket vårt at informasjonen til foreldra og kommunikasjonen mellom skole, PP-teneste og foreldre er blitt betre, og at dette kan medverke til at talet på klagesaker er redusert.

Talet på klagesaker som gjeld spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 er mest firedobla i høve til fjoråret. Det er inntrykket vårt at nokre av dei som klagar, ikkje er misnøgde med det materielle tilbodet til barnet. Dei klagar fordi dei meiner at ein større del av tilbodet skal heimlast i § 5-7 og såleis gi grunnlag for større avkorting i foreldrebetalinga i barnehagen.

### *Klager som gjeld skoleskyss*

Vi har behandla 7 klager på avslag på søknad om fri skoleskyss for 2003/2004. I tre av klagen er kommunen sitt vedtak oppheva og sakene sende tilbake til kommunen for ny behandling. To klager har fått medhald og dei to siste klagen er ikkje ferdig behandla pr. 05.02.04.

### *Klager som gjeld framskoten/utsett skolestart*



Vi har behandla 4 klager som gjeld utsett skolestart. I tre av sakene gav vi ikkje medhald, medan vi oppheva kommunen sitt vedtak i ei sak.

### *Klager som gjeld skoleplasseringsvedtak*

Det er behandla 20 klager på skoleplasseringsvedtak i 2003 – dei fleste frå Stavanger kommune. Klagen handlar om at elevane er plasserte på annan skole enn den geografisk næraste, jf. § 8-1 i opplæringslova. Grunngevinga frå kommunen er som oftast manglande kapasitet. I 3 tilfelle fekk klagarane medhald, medan det ikkje blei gjeve medhald i 15 saker. 2 saker blei avviste av klageinstansen.

### *Klager på standpunkt karakterar*

I 2003 mottok vi 157 klager på standpunkt karakterar, ein klar auke frå 116 i 2002. 53 av klagen er sende tilbake til skolen for ny vurdering. Av desse fekk 20 heva karakteren, medan 12 vart uendra. I 21 saker har vi enno ikkje fått tilbakemelding frå skolen på utfallet av klagen.

Fylkesmannen mottok 6 klager på standpunkt karakteren i orden og/eller åtfærd. To klager i orden og ein i åtfærd vart ikkje tekne til følgje, medan to i orden og ein i åtfærd vart gitt medhald.

Vi nemner også at vi behandla 4 klager på munnleg avgangsprøve. Alle vart avviste.

### *Andre klagesaker*

Vi har behandla ei klagesak på kommunalt vedtak om bortvisning i 2 dagar. Vi fann ikkje grunnlag for å gi klagararen medhald.

## **3 Forsøks- og utviklingsarbeid, satsingsområde, strategiar og arbeidsformer**

### **3.1 Kompetanseutvikling**

Fylkesmannen har tildelt midlar til kommunane og fylkeskommunen på bakgrunn av innsende planar om kompetanseutvikling. Alle planar og avtalar var etter vår vurdering i tråd med føringane frå sentralt hald.

Det er tildelt kr 182 000 til kompetanseutviklingstiltak i 15 private skolar. 6 skolar har ikkje søkt om slike midlar.

Etter avtale med kommunane vart det sett av kr 544 000 til felles kompetanseutviklingstiltak i fylket.

Det er arrangert 3 regionale skolesamlingar og ein utdanningskonferanse i 2003. Skolesamlingane hadde hovudfokus på nytt nasjonalt vurderingssystem, tiltaksplanen ”Gi rom for lesing”, nasjonale prøver og Skoleporten.no, støtte- og rettleiingstenesta i vidaregåande opplæring og Kvalitetsutvalet si innstilling (NOU 16). Utdanningskonferansen tok utgangspunkt i erfaringane gjennom 6 år med Reform 97, og peikte på vegen vidare gjennom tittelen ”Frå god til betre – klart vi kan!”.

### **3.2 Utviklingsarbeid**

Fylkesmannen har fordelt kr 1 977 000 til utviklingsarbeid etter søknad frå fylkeskommunen, kommunane og skolar. Kr 680 000 er tildelte til tiltak for å styrkje pedagogisk bruk av IKT i grunnsopplæringa. Kr 1 297 000 er tildelte for å styrkje barn og unge sin lesedugleik i tråd med intensjonane i tiltaksplanen ”Gi rom for lesing!”.

Det vart tildelt midlar til 10 IKT-prosjekt og 32 prosjekt for å stimulere leselyst og lesedugleik. Ved tildeling av tilskott til utviklingsarbeid har vi valt å leggje vekt på samarbeid på tvers av etatar, kommunar, skolar og andre instansar for å medverke til heilskapleg tenking. Søknader som tydeleg har synleggjort slikt samarbeid, har blitt prioriterte. Likeeins har vi prioritert søknader der kopling mellom ”Gi rom for lesing!” og ”Den kulturelle skolesekken” har vore tydeleg og konkret.

Det er også i 2003 gjennomført samling for avdelingsleiarar i realfag i vidaregåande opplæring og seksjonsleiarar/pedagogar i matematikk på ungdomssteget. Det er arrangert to dagars samling for Operasjon Minerva Vest Noreg – jenter og matematikk.

### **3.3 Forsøksverksemd**

Dette året har utdanningsavdelinga vurdert 1 søknad om forsøk etter § 1-4 i opplæringslova frå Klepp kommune. Søknaden vart innvilga.

Vi viser til *Forsøks- og utviklingsdatabasen* til Læringscenteret

## **4 Arbeid med gjennomføring av eksamen og prøver**

### **4.1 Avgangsprøva i grunnskolen**

Skriftleg avgangsprøve i grunnskolen vart gjennomført etter retningslinjene frå Læringscenteret. I regionen Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland hadde Rogaland ansvaret for sensureringa av norsk. 52 sensorar oppnemnde av fylkesmannen utførte sensureringsarbeidet.

#### *Norsk*

Det kom 27 klager frå Rogaland på karakterane som var sette i norsk. I 4 av sakene vart karakteren endra etter klagesensuren. Fylkesmannen i Oslo og Akershus hadde ansvaret for klagesensuren i dette faget.

#### *Engelsk*

Det kom 10 klager frå Rogaland på karakterane som var sette i engelsk. I 8 av sakene vart karakteren endra etter klagesensuren. Fylkesmannen i Finnmark hadde ansvaret for klagesensuren i dette faget.

#### *Matematikk*

Det kom 6 klager frå Rogaland på karakterane som var sette i matematikk (I alt kom det 49 klager i dette faget). I 2 av sakene vart karakteren endra etter klagesensuren. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag hadde ansvaret for klagesensuren i dette faget.

#### *Munnleg avgangsprøve*

Munnleg avgangsprøve vart heller ikkje dette året gjennomført med det omfanget som var planlagt. 20.06.03 innrapporterte 23 av 27 kommunar til Fylkesmannen i Rogaland om gjennomføring av munnleg avgangsprøve. Her kom det fram at 3540 elevar hadde avlagt eksamen, medan 422 elevar fekk avlyst sin eksamen på grunn av sensormangel. Tilbakemeldinga viste også at 1476 elevar nytta individuell prøvemodel, 1107 parmodell og 845 klasseromsmodell under sjølve prøven. Tala stadfestar positive tilbakemeldingar både om parmodellen og klasseromsmodellen.

Vidare kan det nemnast at 729 elevar var opp til munnleg avgangsprøve i norsk, 695 i engelsk, 595 i matematikk, 563 i samfunnsfag, 507 i natur&miljø og 465 i krl-faget.

(Merknad: Om lag 1000 elevar er ikkje tekne med pga mangelfull tilbakemelding.)

### **4.2 Eksamen og fag- og sveineprøver i vidaregåande opplæring**

Sentralt gitt eksamen og fellessensur vår og haust er arrangert i samsvar med retningslinjer gitt av departementet og Læringscenteret. Våren 2003 oppnemnde vi 256 sensorar som sensurerte om lag 50.000 eksamenssvar.

Frå hausten 2003 og fram til 2006 vil Fylkesmannen i Hordaland ha ansvaret for klagesensuren.

Hausten 2003 vart det oppnemnd 53 sensorar som sensurerte om lag 4500 elevsvar. Klagesensuren etter hausteksamen er fordelt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Samarbeidet med Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen om kvalitetsutvikling av lokalt gitte eksamenar er utvida. Praksiskandidatprøvar, privatistar, dokumentasjon og læreplanforståing er også stadig tema for samarbeidet. Vi nyttar telefon, e-post, møte og konferansar i samarbeidet.

Samarbeidet med dei andre 5 eksamensregionane held fram. Særleg er e-post ein nyttig reiskap i dette arbeidet.

## **5 Rikskonsertane**

Utdanningsavdelinga legg konsertplan for kvar konsert når klargjeringskjema frå Rikskonsertane kjem. I 2003 vart det halde 12 skolekonsertturnear i Rogaland – åtte for småskole- og mellomsteget og fire for ungdomssteget. Utdanningsavdelinga har motteke fleire meldingar om at innhaldet i og opplegget rundt konsertane har hatt ei svært positiv utvikling.

Den Kulturelle Skolesekken (DKS) er gått over frå å vere prosjekt til fast tiltak, med fylkeskommunen som driftsansvarleg. Eleven sitt møte med den profesjonelle kunsten/kunstnaren gjennom omfattande turnéverksemd retta mot grunnskolen, er ein av hovudideane i DKS. I praksis medfører det at skolane i dag mottek gode tilbod frå ulike turnéleggjarar. Utdanningsavdelinga har motteke signal frå kommunane om at dette bør strukturast betre.

Det er såleis vårt syn at turnélegginga for Rk og DKS må samordnast, og at det er naturleg at fylkeskommunen som både produserer for Rk og har operatøransvaret for DKS, får ansvaret for alt turnéarbeid innan desse felta.

## 6 Likestilling

Arbeid med likestilling var ikkje løfta fram som eige tema i verksemdsplanen for 2003. Det er likevel gjennomført tiltak på dette området også dette året. Elleve skolar i Rogaland og Hordaland deltar i Operasjon Minerva – eit tiltak for styrking av jenter si interesse for realfag og IKT. Utdanningsavdelinga er koordinator for desse skolane og følgjer opp prosjektet m.a. ved å arrangere samlingar for prosjektskolane, tildele statlege midlar og rapportere om arbeidet til Læringscenteret. I 2003 vart det arrangert ei samling i Bergen i samarbeid med m.a. UiB og Fylkesmannen i Hordaland og ei landssamling i Oslo. Elles deltar ein medarbeidar ved utdanningsavdelinga i den nasjonale styringsgruppa for prosjektet.

Likestilling har også vore eit element i samlingar for rådgivarar i grunnskolen og vidaregåande opplæring, m.a. gjennom deltaking i og erfaringsspreiing frå prosjektet ”Delt rådgivingsteneste”, der betre rettleiing i samband med yrkesval var i fokus.

Ein del av statistikken på opplæringsfeltet er kjønnsdelt, t.d. opplysningar om spesialundervisning i GSI (Grunnskolen informasjonssystem). Desse opplysningane blir kommenterte i tilstandsrapporten kvart år, men med ulik vektning av kjønnspektivet alt etter føringane frå Læringscenteret. I tilstandsrapporten for skoleåret 2002/2003 vart det berre konstatert at det ikkje er endringar i Rogaland – framleis er om lag to tredelar av dei som får spesialundervisning, gutar. Elles blir slike spørsmål stundom fokuserte på i den generelle delen av kontakt- og tilsynsbesøka i kommunane. Vi har likevel ikkje nokon dokumentasjon på at dette er gjort i 2003.

Endeleg nemner vi at utdanningsavdelinga er representert i styringsgruppa for det likestillingsprosjektet landbruksavdelinga har ansvaret for å drifte.

## 7 Tilskottsforvaltninga

### 7.1 Generelle merknader til arbeidet med tilskottsforvaltninga

Oversyn over utbetalt beløp til den enkelte kommunen for dei ulike tilskottsordningane går fram av vedlegg 6. Kvaliteten på dette arbeidet er nå i stor grad avhengig av saksbehandlarane i kommunane, og den rimelegkontrollen utdanningsavdelinga kan gjere. På grunn av knappare rammer er det avgrensa kor mykje vekt utdanningsavdelinga kan leggje på kontroll.

### 7.2 Om arbeidet med dei enkelte tilskottsordningane

#### *kap 0243, post 60 Tilskott til PP-tenesta*

Statstilskottet til styrking av PP-tenesta var for år 2003 på 10 650 000 kr. Alle midlane vart overførte til kommunane/fylkeskommunen. Etter avtale med departementet vart alt likevel ikkje overført til å dekkje nye stillingar i PP-tenesta. Kr 300 000 som vart overførte frå 2002 (sjå årsrapport for 2002), vart ”øyremerkte” til bruk for oppfølging av SAMTAK. Kr 437 000 av årets løyving vart brukt til styrking av Modellprosjektet (LS).

#### *Kap 0221, Post 63 - Tilskott til skolefritidsordningar*

Tilskottet til skolefritidsordningar vart avvikla fom 1. august 2003. Talet på barn har hatt ei jamn auke dei siste åra. Det er i 2003 betalt ut restansar frå 2002 med til saman 400 822 kr.

*Avvik frå tildelingsbrev:* 0 kr. Summen av opprinneleg tildeling og ekstra løyving (11.07.03) er lik utbetalingane i 2003.

#### *Kap 0221, post 65 - Tilskott til undervisning for språklege minoritetar*

Tilskottet har hatt ein kraftig auke frå 2002 til 2003. Dette skuldast hovudsakeleg ein kraftig auke i talet på elevar som får særskild norskopplæring og timane knytte til dette.

*Avvik frå tildelingsbrevet:* 288 kr. Opprinneleg løyving var på kr 36 819 000. Det er gitt tilleggs løyvingar 03.11.03 med 3 602 000 og 12.12.03 med kr 4 229 000. Til saman utgjer dette kr 44 650 000, og forbruket var på kr 44 650 288. Forbruket er inkl. utbetalingar til private skolar.

#### *Kap 0221, post 66 – Tilskott til leirskole*

23 av kommunane har hatt leirskoleverksemd i 2003. Det er vanskeleg å berekne omfanget av dette tilskottet på førehand, sjølv om vi har eit system der kommunane melder inn prognosar for verksemda eitt år på førehand.

#### *Kap 0221, post 67 - Tilskott til kommunale musikk- og kulturskolar*

Det er betalt ut tilskott til 24 av dei 27 kommunane i Rogaland. Stavanger og Randaberg er med i rammefinansieringsforsøket. Utsira har ikkje søkt om tilskott. Tildelinga i tildelingsbrevet var på 7 322 000 kr. Tilleggs løyving utgjer kr 529 000. Knappe kr 15000 av utbetalingane i 2003 var restutbetaling frå 2002.

*Avvik frå tildelingsbrev:* 13000 kr. Vi hadde ei løyving på 7 851 000 kr og eit forbruk på 7 838 000 kr.

#### *Kap 254 post 60 – Norsk med samfunnskunnskap – vaksne innvandrarar*

Veksten i dette tilskottet har flata ut frå 2002 til 2003. På grunn av introduksjonsprogrammet ventar vi ein auke i 2004. Vi ventar ikkje vekst i talet på elevar, men ei forsering av tempoet i opplæringa.

*Avvik frå tildelingsbrevet:* Inkludert tilleggs løyving var løyvinga til saman på 47 288 000 kr. Forbruket i 2002 var på 47 288 000 kr. Det er i 2003 tilbakebetalt ikkje nytta tilskott frå 2002 med kr 112 960. Midla er bokførte på Tilfeldige inntekter, kto 530929. Sjølv med tilleggs løyving har vi eit restbeløp når det gjeld forskott for hausten 2003 på ca. 650 000 kr som ikkje er utbetalt. Vi reknar med å avrekne dette på vanleg måte i november/desember om ikkje kommunen krev få ut resten av forskottet for hausten 2003 på eit tidlegare tidspunkt.

## **8 Økonomiforvaltning**

### **8.1 Merknader til rekneskapen**

#### *Kapittel 203 og 3203*

Rekneskapen er sett etter kontantprinsippet med tillegg for berekna arbeidsgivaravgift. Rekneskapen for 2003 viser eit overskott på ca 6000 kr. Det relativt høge talet på kap 3203 post 02 skuldast overføringar frå Læringscenteret knytt til prosjektet ”Verdier i skolehverdagen”. Pr. 31.12.2003 er inntekter på 451 770 kr sette på interimskonto. Dette er utelukkande overføringar frå Læringscenteret, mellom anna knytte til eit matematikkprosjekt. Midla vil bli inntektsførte etter kvart som det blir utgifter til prosjektet.

#### *Disposisjonsløyvingane*

- **Dei faste tilskottspostane**

På tilskottsordningane på 60-postane på kapitla 0221 og 0254 har det vore naudsynt med ekstratildelingar for å kunne dekkje behovet. Rapporteringa pr. 31. august er for tidleg til å kunne gi eit godt estimat for behovet på tilskottspostane. Rapporteringa frå kommunane kjem seinare. Ekstraløyvingane som kjem seint på året, skaper noko press for å få handsama søknadane, men vi har forståing for at departementet treng noko tid til å få dei naudsynte løyvingar frå Stortinget.

- **Prosjektorienterte tilskott**

Alle prosjektorienterte tilskott frå Læringscenteret får no prosjektnummer. Dette stiller større krav til detaljering i rekneskapen. På den andre sida gir det større rom for å sjå dei faktiske utgiftene knytte til kvart prosjekt. Læringscenteret burde kanskje lage eit fast system for korleis dei ønskjer at rapporteringa på prosjekta skal skje. Tildelingane bør kome så tidleg som mogleg slik at behovet for omposteringar blir så lite som mogleg. Eit alternativ er tidleg å gi opplysningar om kva for et kapittel og prosjektnummer som kjem til å bli nytta når tildelinga kjem.

Utdanningsavdelinga har fått slike oppdrag/tildelingar i tillegg til dei som er beskrivne i tildelingsbrevet:

<b>Prosjekt</b>	<b>Kap./post</b>	<b>Prosjektnr. •</b>	<b>Tildeling</b>
Pilot	0248 - 21	42200	870000
Delt rådgivingsteneste	0226 - 21	69283	363000
Komp.utv./"Gi rom for lesing"	0226 - 21	69200	8122989
Lokalt utviklingsarbeid	0248 - 21	42300	683436
Minerva	0248 - 21	41400	335000
Modellprosjekt Tilpassa oppl.	0243 - 01	19081	350000
Eksamen i grunnskolen	0224 - 01		827000